

ÅRSMELDING 2013

FOR

BOKN KOMMUNE

Innhald:

Rådmannen sine kommentarar

Generelt	1
Budsjett og drift i 2013	2
Lånegjeld og fond	3
Sjukefråver og HMS	4
Likestilling / deltidsstillingar	4
Personale/kompetanse og kommunal leiing	5
Vegen vidare	5
Befolkningsutvikling i Bokn 2005-2011	7

Sentraladministrasjonen

Innleiing	8
Ressursbruk	8
Resultatvurdering	9
Utviklinga framover	15

Seksjon barnehage, skule og kultur

Innleiing	17
Ressursbruk	18
Resultatvurdering	21
Utviklinga framover	25

Seksjon helse, sosial og barnevern

Innleiing	26
Ressursbruk	27
Resultatvurdering	30
Utviklinga framover	38

Seksjon teknisk

Innleiing	40
Ressursbruk	40
Resultatvurdering	41
Utviklinga framover	46

Politisk og administrative organisering

48

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR:

Generelt

Årsmeldinga for 2013 gir ein oversikt over kommunen sine aktiviteter i året som er gått. Ein har forsøkt å visa fram bredda i det som skjer i kommunen. Årsmeldinga bygger på same lesten som tidlegare år.

Folketalsutvikling i Bokn for 2013 er fortsatt positiv, men med ei mindre vekst enn dei siste åra. Bokn har sidan 2009 hatt ein stabil folketalsvekst og ved årsskiftet var me i alt 868 personar, dvs. ei auke på 5 personar frå året før. Låg folketalsvekst i 2013 samsvarer med nasjonale tal, der ein må attende til 2007 for å finna ein svakare vekst.

Den positive trenden innan næringsutviklinga held fram også i 2013. Det ser ut til å gå godt for dei etablerte bedriftene i kommunen. Ein ser også ei spennande og positiv utvikling hos dei nye bedriftene som er etablert i industriområdet i Knarholmen. I tillegg har ein også registrert ei stor interesse for å komma i posisjon for erverv av landområder i Bokn til framtidige nærings- og bustadtomtar.

T-forbindelsen vart opna hausten 2013. Dette har ført til redusert reisetid mellom Karmøy og Bokn og mellom Haugesund og Bokn.

Reguleringsplanane for Rogfast er vedtatt. Men på grunn av krav om redusert stigningsforhold i tunnellen frå 7 til 5 %, må ein utarbeida ny reguleringsplan for strekninga Laupland - Knarholmen / Arsvågen. Reguleringsplanarbeidet er kome godt i gang og ein tek sikte på at planen skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning i løpet av 2016. Arbeidet med Rogfast skal etter planen ha oppstart i 2016 og ferdigstillast i 2023.

Rogfastprosjektet og andre viktige samferdselsprosjekt i vår region vil kunna få store positive ringverknader for næringsutvikling og busetnad på Haugalandet og Vestlandet. Desse samferdselsprosjekta vil også kunna få store konsekvensar for utviklinga av Boknasamfunnet. Med ledige areal tett opp mot ein region med arealknapphet, er det grunn til å tru at mange vil sjå mot Bokn for busetting og etablering av næringsverksemdu. Auka etterspurnad etter bustadomter og næringsareal vil også føre til eit press mot kommunen sin økonomi som fylgje av kostnader med tilrettelegging av kommunal infrastruktur, skule og barnehage.

I den vedtatte kommuneplanen er det tatt høgde for at etterspurnaden etter nærings- og bustadomter vil bli aukande dei kommande åra.

Budsjett og drift i 2013

Målsettingar i budsjettet for 2013

Budsjettet for 2013 har som tidlegare år vore basert på målsettingar om å:

Vidareføra og styrke gode tenestilbod til alle grupper
Styrka oppvekstvilkår for born og unge
Legga til rette for etablering av unge familiar
Marknadsføra kommunen som ein god stad for busetting og etablering
Driva ein aktiv næringspolitikk
Delta aktivt i regionalt samarbeid

Økonomi og drift i 2013

Dei kommunale tenestene på Bokn er gode. Dette er mellom anna dokumentert gjennom Kommunebarometeret som er ei samanlikning av landets kommunar, basert på til saman 116 sentrale nøkkeltal.

Føremålet med Kommunebarometeret er å gi kommunestyra og sentrale myndigheter ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over på kva måte kommunane driv.

Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå sin Kostra-database og Grunnskulens informasjonssystem.

I 2013 var Bokn kommune rangert på 61. plass og den beste av kommunane i Rogaland. Særleg skåra kommunen høgt på økonomi, skule og barnehage og lågt på barnevern.

Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen.

Bokn kommune har i fleire år hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond.

I statsbudsjettet for 2013 fekk Bokn kommune ei vekst i rammetilskottet på bare 1,6 %, mens gjennomsnittet for kommunane var over 3 %. Det vart ikkje gitt noko forklaring på den låge veksten.

Låg vekst i rammetilskottet kombinert med sterkt auke i utgiftene til kostnadskrevjande brukarar har vore ei økonomisk utfordring i 2013. Drifta vart delvis finansiert ved bruk av disposisjonsfond for å ta ekstraordinære kostnader som kom i løpet av året.

I statsbudsjettet for 2014 vart rammetilskottet justert til det nivå kommunen burde hatt i 2013, men kommunen har fortsatt svært høge kostnader til ressurskrevjande brukarar. Dette gjer at kommuneøkonomien fortsatt vil vere svært stram dei kommande åra.

Inntektsutviklinga i kommunane er sterkt knytt til folketalsutviklinga. For Bokn gjeld dette både rammetilskott og inntekt frå gassbasert industri som vert delt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Det er viktig at Bokn ikkje har ei svakare folketalsutvikling enn Tysvær.

Rekneskapen for 2013 viser eit samla mindreforbruk på ca. 2,8 mill. kroner. Det er grunn til å merka seg at alle seksjonane i 2013 har eit nettoforbruk som er lågare enn budsjettert. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

Foreløpige KOSTRA-tal for 2013 viser fylgjande finansielle tal for kommunesektoren

	2013	2012
Netto driftsresultat	2,6 %	3,2 %
Investering – vekst	6,5 %	2,8 %
Netto lånegjeld - vekst	6,1 %	4,4 %

Resultatet er langt under nivået på 3,0 % som tilrådd av sentrale myndigheter. Den sterke veksten i utlån er også urovekkande, då dette på sikt ytterlegare vil svekke driftsresultatet og kommunane si evne til å takle framtidige økonomiske utfordringar.

Driftsresultat/rekneskapsmessig mindreforbruk i Bokn

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Brutto driftsresultat	1.918.341	1.292.169
Netto driftsresultat	3.154.908	2.740.345
Mindreforbruk (Overskot)	2.836.452	3.526.025
Netto driftsresultat % av brt. dr. innt.	3,6 %	3,2 %

Investeringar

Dei samla investeringane i 2013 utgjer ca. 6,936 mill. kroner. Den største investeringane gjeld utbygging av ein ny avdeling i barnehagen og mindre investeringar som mellom anna gjeld småbåt hamn Hålandssjøen, prosjektering fleirbruksshall, reguleringsplan for Føresvikvegen og skjerma avdeling på Bokn sjukestove.

Lånegjeld og fond

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Langsiktig lånegjeld	37.550.915	39.935.333
Fond:		
Disposisjonsfond	10.017.493	9.772.417
Ubundne kapitalfond	3.485.908	5.453.156
Bundne kapitalfond	0	0
Bundne driftsfond inkl. HR 2,6 mill	5.061.096	4.221.418
Sum fond	18.564.497	19.446.991

Dei kommunale fonda er redusert med kr. 882.494,-.

Langsiktig lånegjeld er redusert med kr. 2.385.000,-.

Av lånet på kr. 37,5 mill. utgjer startlån og formidlingslån ca. 8,7 mill.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar iflg. Kostra-tal for 2013:

Gruppe	Bokn	Kostragr. 05	Rogaland	Landet
Lånegj. pr innb.	27.093	58.613	41.742	50.530

Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Skatteinntekter	19.173.530	18.289.375
Rammetilskott	37.516.059	37.193.638
Eigedomsskatt	9.508.235	9.186.291
Overf. med krav til motyting	12.263.112	11.126.634
Andre inntekter	8.869.396	9.151.770
Sum driftsinntekter	87.330.333	84.947.710

Samla hadde kommunen ei auke i inntekter på ca. 2,38 mill. kroner frå 2012 til 2013 eller 2,8 %.

Eigedomsskatten utgjorde i 2013 kr. 9.508.235,- dvs. ca. 322.000,- høgare enn i 2012. Det meste av eigedomsskatten skriv seg frå den gassbaserte industrien på Kårstøanlegget og Europipe II røyrleidningen som går over Bokn.

Sjukefråver og HMS

Bokn kommune har frå 2002 vore ein IA bedrift. Sidan 1. januar 2005 har ein hatt avtale med Haugaland HMS-senter om regelmessig gjennomgang og kartlegging av arbeidsmiljøet mellom anna som eit tiltak for å få redusert sjukefråværet. Totalt for kommunen var sjukefråværet på 6,5% i 2013 (6% i 2012, 5,3 % i 2011). Det er fortsatt stor forskjell frå avdeling til avdeling og sjukefråværet er nærmere omtalt hos kvar enkelt seksjon.

Bokn kommune har ikkje hatt alvorlege ulykker i 2013.

Likestilling / deltidsstillingar

Bokn kommune har som andre kommunar, ei skeiv fordeling av kvinner og menn i mange av yrkene. Både i helse, barnehage og skule har vi ei stor overvekt av kvinner mens det i teknisk bare er tilsett menn. I mellomleiarstillingane er det ei jamn fordeling mellom kvinner og menn, medan fordelinga i den administrative toppliinga no er 2 menn og 3 kvinner. Utfordringa er å rekruttere fleire menn til stillingar i helse, skule og barnehage og fleire kvinner til stillingar i teknisk.

Kommunen har også mange deltidsstillingar, spesielt innan omsorg. Det er eit mål å redusera bruk av deltidsstillingar og kunna tilby fleire stillingar med 100%. Små stillingar er ei ulempe for både tilsette og brukarar, men ofte kan det vera vanskeleg å få ein turnus til å gå opp dersom antall personar i turnusen blir redusert.

Personale /kompetanse og kommunal leiing

Bokn kommunen har stabile, dyktige og godt kvalifiserte medarbeidrarar - noko som er ein føresetnad for god kvalitet på dei kommunale tenestene. I tillegg har personale også den formelle kompetansen som vert kravd for stillinga.

Sjølv om me i dag er godt dekka når det gjeld kvalifisert personale er dette ikkje på nokon måte ein sjølvfølgje. Det er mange kommunar som utviklar nye tiltak og virkemidlar for å rekruttera og halda på personalet. Konkuransen om dei dyktige medarbeidarane er stor.

Bokn kommune har fram til no vore konkurransedyktig når det gjeld personalpolitiske virkemiddel, men må nok også vurdera nye tiltak for å behalda og rekruttera fagfolk i tida som kjem.

I den kommunale leiinga har det dei siste åra – også i 2013 - vore store utskiftingar. Både som fylgje av eit naturleg generasjonsskifte, men også som fylgje av at nytilsette leiarar har slutta etter kort tid.

Tilsetting av nye leiarar og nye medarbeidrarar fører til utfordringar både internt i seksjonane og i leiargruppa og er kostbart for kommunen. Det har dei siste åra vore brukt mye tid internt på å vidareføra kunnskap og legga til rette for at dei nye leiarane skal kunna fungera på ein god måte.

Vegen vidare

Bokn kommune har eit høgt nivå på dei kommunale tenestene - både når det gjeld kvalitet og kvantitet – noko som også har avspeglia seg i dei siste års Kommunebarometeret. Utfordringa vidare vil vera å kunna oppretthalde og vidareutvikla tenestetilboda innafor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget.

Det har også i 2013 vore ei aukande etterspurnad etter sjukeheimslassar og omsorgsbustader. Alderssamansettinga i Bokn gjer at gruppa over 80 år vil auke dei kommande åra. I tillegg må ein også gjere rekning med at det i framtida vil bli fleire demente med dei utfordringar dette stiller til tenesta og personalet. Det er no sett ned eit utval som skal lage ein bustadsosial og bustadpolitisk handlingsplan for å møte dei framtidige behova for tilrettelagte bustader og bustader for andre brukargrupper.

Samhandlingsreformen sine krav til etablering av ø-hjelppassenger innan 2016, vil også kunne auke behovet for fleire sengeplassar totalt. Bokn arbeider saman med Tysvær og Sveio for å finna ei god løysing på etablering av eit tilbod om dette. Aktuelle samarbeidspartnarar kan bli både Karmøy og Haugesund og vurdert i samanheng med ei ny Legevaktordninga.

Elevtalet på skulen har i mange år vore stigande, men har den siste tida stagnert. Små årskull dei siste åra, særleg i 2013, gjer at skulen vil vera stor nok i mange år framover. Små fødselstal resulterer også i at barnetalet i barnehagen truleg vil bli redusert noko dei neste åra. Barnehagen som blei utbygd med ein ny avdeling i 2013 vil truleg kunne dekka behovet for barnehageplassar i mange år framover.

Sjølv om folketalet i Bokn har hatt ei svak utvikling i 2013, er det likevel viktig å ta høgd for at kommunen vil kunne få ei sterk vekst i folketalet som fylgje av dei store samferdselsprosjekta som no står ferdige eller som er det er forslag om å starta opp i nær framtid.

Med ei fortsatt sterk vekst i folketalet og ei sterk næringsutvikling i Sør-Rogaland kombinert med knapphet på areal, må det forventast at Bokn vil bli attraktiv for busetting og næringsetablering dei kommande åra. Særleg etter at Rogfastprosjektet står ferdig.

Kommunen vil bli stilt ovanfor store utfordringar når det gjeld å vera i forkant i forhold til planlegging og tilrettelegging for auka etterspurnad etter bustadomter og næringsareal.

Behalda og rekruttera dyktige folk vil vere ein av dei største utfordringane i kommunesektoren. Særleg ser ein dette vil kunna vere ein utfordring for distriktskommunane.

Økonomi er ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester, men det viktigaste er likevel først og fremst dyktige medarbeidrarar.

Sentralt som Bokn ligg, nært opp til arbeidsmarknader både sør og nord for Boknafjorden, er det mange kommunar som konkurrerer om denne arbeidskrafta. Det er derfor viktig å ta vare på denne ressursen gjennom ein personalpolitikk som gjer oss konkurransedyktige i forhold til andre kommunar.


Alle kommunar har behov eit godt interkommunalt samarbeid dersom ein skal kunna tilby gode tenester til innbyggjarane. Sjølv om det interkommunale samarbeidet kan vere utfordrande og kostbart ser Bokn på dette samarbeidet som viktig og nødvendig. Kommunen deltar i mange større samarbeidsprosjekt, Innkjøpssamarbeidet, Haugaland Vekst IKS, HSA – Haugaland Skule Arbeidsliv, Haugalandsløftet, Interkommunalt renovasjonsselskap HIM, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, interkommunalt barnevernsamarbeid, interkommunalt PPT-teneste og brannsamarbeid for å nemne noen av dei mest sentrale.

Bokn, mars 2014

Jan Erik Nygaard
Rådmann

BEFOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 2008 – 2013

ÅR	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Fødde	12	13	8	6	5	1
Døde	12	7	10	6	3	2
Fødselsoverskott	0	6	-2	0	2	-1
Innflytting	27	43	49	43	54	21
Utflytting	39	29	41	29	45	15
Netto flytting	-12	14	8	14	9	6
Folketalsvekst	-12	20	6	14	11	5
Sum innbyggjarar	811	831	837	851	863	868



Ved årsskifte 2013/2014 var folketalet på Bokn auka med 5 personar til 868 personar – 1 fødd og 2 døde. Folketalsveksten var bare på 0,6 %.

Barnetalet har vore lågt dei 3 siste åra. Særleg i 2013 der det bare vart fødd 1 barn.

RAMMEOMRÅDE 1 - SENTRALADMINISTRASJONEN

Innleiing

Sentraladministrasjonen omfattar dei politiske og administrative tenestane i kommunen. Dei administrative einingane er rådmann, data, servicetorg og økonomiavdeling. Tenestane som dette rammeområdet omfattar er politisk aktivitet og overordna administrasjon av kommunen som utgjer ca 45% av utgiftene på rammeområdet. Resten av utgiftene ca 55% gjeld fellesutgiftene til tenesteproduksjon. (jmf. Resultatvurdering, andre tenester)

Rådmannen; Overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid og data.

Servicetorg; Kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretærariat for politiske utval og interne merkantile tenester til og for seksjonane.

Økonomiavdelinga; Økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, skatteinnkrevjing, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT strategi.

Ressursbruk:

Driftsresultat	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Rekneskap 2013	Avvik frå Budsjett 2013
Brutto utgifter	14.944	22.429	15.709	6.720
Brutto inntekter	-4.175	-3.191	-4.069	878
Netto utgift	10.769	19.238	11.639	7.598

Rekneskapet for 2013 viser ca. 6,7 mill. lågare enn budsjettet og differansen skuldast;

Tilskot til Føresvikvegen, beløpet er sett på fond. 4 millioner

Unytta løyving kompetansemidlar sett til fond; kr. 100.000

Unytta reservert løyving kr. 800.000

Unytta tilskot til næringsfond (sett til fond) kr. 245.000

Forsikring for 2013 som var kostnadsført i 2012 kr. 400 000

Programvare / IKT utstyr ihht plan (står på fond) kr. 600.000

Pensjon- og seniortiltak kr. 660.000 *

Sentraladministrasjonen har budsjettet med kr. 500.000 til dekning av auka pensjonskostnader i 2013 samt kr.160.000 til ulike seniortiltak i seksjonane. Kostnadene til pensjon og seniortiltak er utgiftsført på den enkelte seksjon.

Dei resterande kr. 800.000 i midreforbruk er fordelt på mange ulike driftskostnader og refusjonar .

Bemanning	2009	2010	2011	2012	2013
Årsverk rådmann/stab.	2,0	3,0	3,37	3,37	3,37
Årsverk økonomiavdeling	2,73 *	2,73 *	2,73 *	2,73*	2,73
Årsverk servicetorg	1,7	1,7	1,7	2,0	2

* Inkl. 13% lønna tillitsvalgt ihht hovudavtalen.

Stillinga som IT-konsulent er 100%. Stillingsandelen på fast tilsette i Servicetorget vart auka i 2012 for å styrke kontortekniske oppgåver for seksjonane helse og teknisk. 40% av årsverka er fysisk på skulen. Grunna leiarsituasjonen i seksjon kultur, barnehage og skule vart heile stillinga fysisk på skulen hausten 2013. I tillegg har kommunen ein avtale med SR-bank om tenesteyting, berekna til ca. 0,5 årsverk. Bemanningsa har vore stabil og ein har god fagleg kompetanse i stillingane.

Sjukefråver i administrasjonen

sjukefråver	2009	2010	2011	2012	2013
I %	0,5%	0%	0,4%	1%	2,1
Kortidsfråver dagar	11	0	9		6
Langtidsfråver dg.	0	0	0		42

Sjukefråveret i administrasjonen er fortsatt svært lågt.

Resultatvurdering

Dei ordinære driftsoppgåvene for administrasjonen har ikkje endra seg i forhold til tidlegare år, og årsmeldinga inneheld difor mykje av dei same opplysningane som tidlegare – berre justert med endringar og nøkkeltal.

Teneste 1000 Politisk styring og kontroll

Utgiftene omfattar mange ulike kostnader, både kurs, reiseutgifter, bevertning, kontorrekvisita etc. Rekneskapet for 2013 er i samsvar med vedtatt budsjett.

Utgifter på kr.50.000 til Deloitte vart fakturert i 2013, kostnaden for 2012 er i realiteten kr. 262.000,-.

Teneste 1200 Administrasjon

Rådmann, datakonsulent, personal, servicetorg og økonomi (teneste 1202) er alle definert som "administrasjon".

Både rådmann, Økonomiavdelinga og Servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. Kartlegging viste at av dei 7,8 årsverka som er tilsette i sentraladministrasjonen utfører ein normalt ca.3,7 årsverk i direkte tenesteproduksjon. På grunn av vakanse / nytilsetjingar og sjukefråvær i seksjonane har rådmann og økonomisjef i 2013 i enda større grad vore involvert i den daglege drifta av seksjonane.

Dei resterande 4,1 årsverka i administrasjonen utfører "tenester som betjener hele den kommunale organisasjonen" – dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leiing.

Data:

Kommunen har ein strategisk IKT plan og ein handlingsplan for gjennomføring. Arbeidet er sentralt styrt av økonomisjefen, og ei IKT styringsgruppe med representasjon frå alle seksjonane. Målsetjinga er å ha ein IKT struktur som sikrar stabil drift og kor dataprogramma kan overføre informasjon seg imellom der det er mogeleg. Oppgradering av planen skulle vore gjort i 2013 men er utsett til 2014.

I 2013 vart det gjennomført oppgradering på turnusprogram og Profil. Oppgraderinga førte til at ein nå har integrasjon med lønnssystemet slik at ein får elektronisk overføring av data (timelister).

39 virtuelle serverer, fleire dataprogram, meir integrasjon og større kompleksitet fører også til at vi får ein del driftsproblem. I 2013 måtte vi leie inn dataspesialister for ca kr. 270.000,- for å rette opp feil som oppsto i nettverket. Ofte har det vore straumbrot som har ført til problemer.

I 2013 har ein også arbeidd med å lage ei ny heimeside for kommunen basert på nye krav til kommunale nettsider og tilrettelegging for alle typar skjermar (mobil, nettbrett, pc). Ein arbeider samtidig med å gi innbyggjarane større tilbod via heimesida til å ha elektronisk kommunikasjon med kommunen.

Datasikkerhet

Kommunen tar fysisk back-up av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovedserver. Back-up vert kjørt både til disk og tape. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom, og rom for hovedserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. På grunn av straumbrot hadde vi i 2013 krasj på ventilasjonsanlegget slik av serverane «kokte» og stoppa heilt opp. Det vart difor installert varmesensor i rommet som gir alarm når temperaturen blir for høg. Brannmuren er installert slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon ihht datatilsynet sine krav.

Vi har godkjente lisensar for programvare og antivirusprogram på alle PC'er og servere. Microsoft sine lisensreglar for Office er kompliserte og det har tidlegare vore vanskeleg å halde kontroll over at alt var lovleg. Nå har Microsoft kontroll, og dersom vi ikkje har nok gyldige lisensar så får vi ikkje lagt inn nye brukere. Kommunen har oppgradert til Office 2010, og e-post /kalenderfunksjonen er nå lagt i «skyen» slik at alle meldingar og avtalar kan synkroniserast med bl.a. mobilt utstyr.

PC'er

Vi har nå ca 217 PC'er og serverparken er auka frå 13 til 39. Alle elevane i ungdomsskulen har nå eigen bærbar pc som dei får når dei startar i 8 klasse. Behovet for utskifting av Pc'er skjer jevnleg. Når det gjeld bærbare pc til lærarar og elevar pc har vi desse på leasing, alt anna data utstyr er ordinært kjøp. Gjennomsnitt levetid pr PC er 3-5 år, avhengig at type (bærbar/stasjonær) og bruk.

Kjøp av tenester

Økonomi programma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane (4stk) som er med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service.

Dei kommunale programma (matrikkel, Gisline, Komtek) vert drifta av Tysvær.

Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

Trådløst nett

Boknatun, skule og biblioteket er nå dekka av tre trådlause nett: lærer, elev og publikums-nett. Det er nå 6 access-punkt som dekker heile skulebygget samt store deler av Boknatun.

Ikt ansvarleg har eit nært samarbeid med fagpersonell i andre kommunar og nettverket har samarbeidsmøter etter behov.

Servicetorg

SR-Bank, servicetorg og NAV har vore samlokalisert med felles kundemottak sidan 2007. Avtalen med banken vart sagt opp på slutten av året og vert avslutta i juni 2014.

Målsetjinga for servicetorget er at brukarane skal oppleve at dei vert godt mottatt og at dei får god informasjon om kommunale tenester og / eller hjelp til å få kontakt med rett saksbehandlar i kommunen. Etter avtale skal dei tilsette i SR-bank betene Kundesenteret både for Bank og kommune, og tilsette i banken utfører ein del arbeidsoppgåver for kommunen etter avtale.

Dei ordinære oppgåvene for servicetorget er sentralbord/skranke, postmottak og postfordeling, arkivansvar og enkelte interne fellesfunksjonar til dømes innkjøp av kontorrekvisita, reisebestilling, booking av møterom og liknande.

Overgangen til bruk av iPad i staden for papirdokumenter i dei politiske fora har effektivisert utsending av saksdokument.

Servicetorget utfører og enkelte oppgåver for seksjonane og har i tillegg eit særleg ansvar når det gjeld generell info på kommunen si heimeside. Seksjonane har hatt eit aukande behov for kontortekniske tenester og bemanninga vart difor auka med 30% stilling i 2012.

Avtalen med likningsetaten vart fornya i 2013 og kommunen får kr. 25.000 for å utføra ein del 1.linje tenester. Særleg i perioden for innlevering av sjølvmeldinga merker ein dette meirarbeidet.

Personalfunksjonen

Kommunen har ein felles kompetanseplan for alle seksjonane. Planen skal reviderast kvart år. I 2013 hadde ein kr. 200.000 til dette formålet.

Kommunen har dei siste åra arrangert ein felles julelunsj for alle tilsette og på dette arrangementet vert det også utdelt gratiale for tilsette med 15 eller 25 års teneste. Ved årsskiftet hadde kommunen 20 tilsette med 25 eller fleire års teneste og 17 tilsette med 15 -24 år. Tilbakemeldingane er et dette arrangementet er svært positivt.

Det vart også arrangert julebord for dei tilsette i 2013. Organisasjonane hadde ansvaret for dette arrangementet.

Folkehelse

Hovudfokuset for folkehelsearbeidet i Bokn kommune i 2013 har, med utgangspunkt i den vedtatte Handlingsplan for folkehelse 2013, vore;

- vidareføring av allereie vel etablerte tiltak som Gla`trim, Fiskesprell, skidag, m.m

- vidareutvikling av system og strategiar for tverrfaglege interne (administrative) og eksterne (frivillig sektor og andre) folkehelsesamarbeid
- engasjement eksternt for på denne måten å sikre at vi framstår som ein motivert, nysgjerrig og innovativ samarbeidspartnar på folkehelseområdet. I denne samanheng er det naturleg å nemne at vi i 2013 hadde prosjektansvaret for forskningsprosjektet «Omsorg i de frivilliges hender». I tillegg bidrog vi med betydeleg arbeidsinnsats i realiseringa av regionens fyrste velferdsteknologikonferanse, ein konferanse som vart teken svært godt imot.
- arbeid med å sikre kommunen eit lesbart og funksjonelt oversiktsdokument for på denne måten å oppfylle det lovpålagte kravet om at alle kommunar, til ei kvar tid, skal ha kunnskap om helsetilstanden i befolkninga. Kunnskapen skal brukast til å leggje tilpassa og nødvendige planar vidare for å sikre god helse i heile befolkninga.

Det har, som for dei føregåande åra, vore høg aktivitet på fleire område innan folkehelsearbeidet. Smarte foreldre kurset som vart arrangert hausten 2013 var ein stor suksess. Å vera forelder er ei krevjande oppgåve for alle og tilbodet om å få gode råd og tips om nettopp dette temaet vart tatt svært godt imot.

Det same vart arrangementet i forbindelse med Verdensdagen for psykisk helse og Refleksdagen 17. oktober i fjor. Ungdommar frå Tysværvgå barne og ungdomskule og frå Bokn skule vart utfordra på å skulle helse på passasjerane på ferjene mellom Mortavika og Arsvågen. Målsetjinga var bevisstgjering rundt noko av det viktigaste i dag: Å sjå kvarandre; ikkje fordi ein tek seg fint ut på Facebook, men fordi ein ser kvarandre for det mennesket ein er; i kvardagen, på ferja, kor som helst. Har ein i tillegg mot til å sjå det andre mennesket i augene og seiia: «Det var kjekt å sjå deg», så kan ein koma langt i livet.

2013 var eit innehaldsrik og kjensleladd folkehelseår.

Teneste 1202 Økonomitenester

Økonomi.

Dei ordinære oppgåvene innafor økonomi er budsjettering, økonomistyring, kommunal bokføring, skatterekneskap, mottak/scanning av inngående faktura, utgående fakturering og lønn. I tillegg har avdelinga fokus på at vi kan utføre tenester for seksjonane på områder kor det er behov for fagkompetanse innan økonomi- / personal, og har også overtatt ein del oppgåver som effektiviserer og kvalitetssikrar saksbehandlinga.

Alle kommunar skulle innan 1. juli 2012 kunne sende og ta imot elektronisk faktura, og det er nå i funksjon. Ennå kjem dei fleste fakturaene på papir, men etter kvart vonar vi at dei aller fleste av leverandørane våre vil sende elektronisk faktura. Bokn er også med i eit prosjekt for E-handel for Hordaland og Sunnhordaland kor Bømlo kommune har prosjektleiinga. Bokn kommune, saman med andre «Visma» kommunar (kommunar som har same økonomiprogram), skulle ha starte opp med eHandel i løpet av 2013, men på grunn av sjukefråvær hjå leverandøren vart dette utsett til våren 2014.

Ihht budsjettet skulle ein i 2013 foreta ny eigedomstaksering for verk og bruk. Dette har ein ikkje fått gjort fordi dei takseringsmennene som vart førespurt ikkje hadde kapasitet.

Skatteoppkrevjarkontoret:

I 2013 blei det innfordra 76,6 mill. kroner i skatter og avgifter. Ei auke i skatteinngangen på 5,5% i forhold til 2012. Kommunen sin andel av dette utgjorde ca. 19,2 mill. kroner. Innfordringa og restansesituasjonen er fortsatt tilfredsstillande med uteståande krav på ca KR.698.000 ved årsskiftet

Bokn kommune deltar Haugaland interkommunale Arbeidsgivarkontroll saman med 9 andre kommunar. Det er gjennomført 1 arbeidsgivarkontroll i 2013.

Innkjøppssamarbeidet på Haugalandet

Innkjøppssamarbeidet på Haugalandet fungerer slik at Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdiar og utlysning av anbod i Norge eller EØS-området. Vi andre kommunane i samarbeidet kjem med i arbeidet når vi skal vurdera dei innkomne tilboda og foreta eit val av leverandør. Bokn kommune er med på 34 felles avtalar.

Teneste 1203 – HMS / arbeidsmiljø

Sjukefråveret i kommunen har store endringar frå år til år.

År	Dagsverk	fråver i %
2008	741	4%
2009	1640	8,1%
2010	1273	6,3%
2011	1040	5,3%
2012	1239	6%
2013	1381	6,5%

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfølging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben. Den enkelte seksjon har kommentert sitt fråvær nærmare.

Kommunen har skifta ut det internettbaserte HMS systemet vi hadde med Kommuneforlaget sitt system for HMS og internkontroll. HMS-systemet omfattar også meldingsrutinar for avvik og risikovurdering. Dette systemet inneheld alle sentrale lovar og reglar, og kommunen kan implementere eigne rutinar, skjema og retningslinjer.



Rådmannen si leiargruppe skulle i løpet av 2013 oppdatert systemet med kommunen sin internkontroll og rutiner, men driftssituasjonen i seksjonane førte til at dette måtte utsetjast til 2014.

Arbeidsmiljøutvalet.

AMU har hatt 2 møter i 201.

Administrasjonen v/ Bjørn Nøttum har hatt leiarfunksjonen i denne perioden inntil han slutta.. Sekretær er som tidlegare Solrunn Alvestad

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

HMS-senteret er ein aktiv medspelar i HMS arbeidet. Tidlegare har vi hatt ein arbeidshelseundersøking for alle tilsette anna kvart år i tillegg til dei lovpålagte helseundersøkingane. Dette har ikkje fungert tilfredstilande og i 2013 vart ein samde om at HMS-senteret, arbeidsgivar og tillitsvalde i staden skulle utarbeide konkrete samhandlingsplanar for de enkelte arbeidsstad. Ingen saker har blitt tatt opp med Akan-kontakten i året som gjekk.

Teneste 1800 - Beredskap.

Kommunen sin beredskapsorganisasjon og det nye dataverktøyet SIM vart testa ut i samband med storm hausten 2013. Stormen førte til at store delar av kommunen vart utan straum i tillegg til at veg og bru vart stengd ein lengre periode. Alt fungerte tilfredsstilande.

I 2014 skal kommunen på nytt ha beredskapstilsyn. Ros analysar og beredskapsplanar vil bli gjennomgått på ny våren 2014.

Teneste 3251 - Næring og landbruk

Bokn kommune er eigar av Haugaland Vekst IKS saman med Rogaland Fylkeskommune, Haugesund, Tysvær og Utsira og frå hausten 2012 - Sveio kommune. Frå 2014 vil alle kommunane på Haugalandet i tillegg til Suldal bli eigarar av næringsselskapet.

Haugaland Vekst IKS skal fortsatt arbeide med næringssaker for dei kommunane som ynskjer dette, men vil ha hovudfokus på regionale saker og erstatte tidlegare Haugalandråd og Ordførar og rådmannskollegiet.

Bokn kommune har sagt opp avtalen med Haugaland Vekst IKS når det gjeld næringstenesta som dei driv for kommunen i dag. Avtalen går ut 31.12.2014. Bokn står framfor spennande utfordringar når det gjeld ny næring- og utviklingsprosjekt. Dette vil stille krav til god organisering av det kommunale næringssapparatet og sterkt fokus på næringssarbeidet i tida som kjem. Næringsarbeidet vil frå 2015 bli ivaretatt som ordførar, rådmann og bli tilbakeført som ein del av oppgåvene i «Kjekt på Bokn».

Landbrukstenesta er som tidlegare organisert med Tysvær som vertskommune der både Tysvær, Haugesund og Bokn no knytt til dette felles landbrukskontoret. Avtalen er

vidareført ut 2014. Ein vurderer no om avtalen skal vidareførast eller om ein skal utføra desse tenestene i eige regi i framtida.

Som tidlegare år vart det i 2013 sett av midlar (kommunalt tilskott) til drift av Bokn Næringsforum og Destinasjon Haugesund og Haugalandet as.

Det er utarbeidd service-erklæring for tenesta. Intensjonen og målsettinga i service-erklæringa vert lagt til grunn for kontakten mellom kommunen og næringslivet.

Bokn kommune fekk i 2013 kr. 550.000,- tildelt i næringsfond frå Rogaland. Som fylgje av reduserte regionalmidlar på statsbudsjettet for 2014 er det ikkje sett av friske midlar til næringsfond i Rogaland i 2014.

Det har vore forholdsvis få søknader om støtte frå næringsfondet både i 2013 og tidlegare år. Dette har no tatt seg sterkt opp, og ubrukte midlar frå tidlegare vil i all hovudsak bli tildelt søkerar våren 2014.

Teneste 3900, 3920 og 3930 - Kyrkjja og andre religiøse formål

Kommunen har nå det heile økonomiske ansvaret for kyrkjja. I rekneskapet for 2013 var overføringane til kyrkjja og kyrkjegard totalt kr. 941.200.-. Av dette kjøper kyrkjja økonomi/lønn- og vaktmester tenester frå kommunen for ca kr. 100.000. Frå og med 2013 har ein i budsjettet vedtatt å setje av kr. 30.000,- årleg til kjøp av nytt orgel. Det vart ikkje utbetalt tilskot til andre religiøse formål.

Andre tenestar

Ca. 55% av sentraladministrasjonen sine kostnader gjeld driftsutgifter for seksjonane; bl.a. innkjøp av kontorrekvisita, post, forsikringar, felles data program/linjer, telefon og løn for dei driftstenestane som vert utført for andre. (gjeldsrådgivning, vederlagsbereking, drift av datanett/maskinar i seksjonane m.m.)

Utviklinga framover

I samarbeidet commune & bank har banken hovudansvar for kundemottak og sentralbord. Som fylgje av økonomiske forhold vert denne modellen no vurdert på ny etter at kommunestyret i budsjettvedtaket for 2013 sa opp avtalen med SR-Bank1. Avtalen med banken går ut juni 2014.

Vi vil vidareføre målet om at seksjonane skal prioritere tenesteproduksjonen og kontinuerleg vurdera om det er arbeidsoppgåver som kan samordnast og/eller effektiviserast ved at sentraladministrasjonen utfører desse, f.eks rapportering, personalsaksbehandling, økonomikkontroll m.m . IKT planen for kommunen med oppgradering av program og nye web-baserte dataverktøy, vonar vi skal føre til betre dataflyt mellom seksjonane, og gi betre oversikt og tilgang på informasjon / styringsdata. Leiargruppa i kommunen deltok i 2012 i eit nettverksarbeid "Orden i eget hus". Programmet har fokus på sikkerhet, kvalitet og internkontroll i kommunen. Som følgje av endringar i leiargruppa og vakante stillingar fekk ikkje dette arbeidet det fokuset og framdrifta som planlagt. Arbeidet er no starta opp igjen, men det er en langsgiktig og tidkrevjande prosess som ein bare er heilt i starten av.

Kommunane på Haugalandet har i dag eit utbredd samarbeid på mange områder. Det kan likevel nemnast fleire områder der eit interkommunalt samarbeid både vil styrke regionen og gjere at innbyggjarane vil kunna få eit betre tenestetilbod. Samhandlingsreformen vil krevja nye samarbeidstiltak og ein ser trond for å samarbeide både om beredskap og felles brann- og legevaktordning. Det pågår for tida mange interkommunale prosessar for gjennomføring av ulike samarbeidsprosjekt. I spissen for arbeidet står Karmøy og Haugesund. Skal ein lukkast i dette arbeidet er ein avhengig av desse kommunane finn fram til gode omforeinte løysingar som også ivaretar dei mindre nabokommunane.

Elles vil sentraladministrasjonen sitt fokus vera å vidareutvikla gode interne rutinar og reglement, samt å finne fram til data og KOSTRA tal som kan brukast til styringsverktøy for kommunen. Vi vil også i stor grad samarbeide med andre kommunar for å utnytte felles kompetanse og ressursar

RAMMEOMRÅDE 2 - SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE

Innleiing

Organisering

Seksjon kultur, skule og barnehage er inndelt i følgjande driftsområder:

- Bokn kulturkontor, Bokn bygdemuseum og Bokn bygdablad
- Barne- og ungdomsarbeidet med Petra ungdomsklubb og Artep kulturkafé
- Bokn bibliotek
- Bokn kultur- og musikkskule
- Bokn barnehage
- Bokn skule (1-10) med dei 4 avdelingane Barnesteget (1-7), ungdomssteget (8-10), Team Ekstra, og Skulefritidsordninga SFO
- Vaksenopplæring etter Opplæringslova (grunnskulenivå) og Introduksjonslova
- PP-tjenester etter Opplæringslova §§ 4A og 5 blir kjøpt frå Tysvær kommune (Tysvær og Bokn PPT)
- Vaksenopplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova
- Reinhald (skule- og barnehagebygget) blir utført med tilsette i seksjonen

Spesielle løyvingar i 2013

Barnehagen

Det vart løyvd kr. 4 900 000,- til utbygging av barnehagen. Arbeidet vart ferdigstilt hausten 2013 med offisiell opning i desember



Ressursbruk:

Driftsresultat (heile 1000)	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Rekneskap 2013	Avvik frå budsjett
Brutto utgifter	31 229	29 268	31 413	-2 145
Brutto inntekter	-7 087	-6 117	-8 592	2 475
Netto utgift	24 142	23 151	22 819	332

Driftsresultat fordelt på dei ulike tenestene

Driftsresultat	2013	Budsjett	Rekneskap	Avvik frå budsjett
Teneste		Netto utgifter	Netto utgifter	
2010 Barnehagen	4 307 000	4 612 000	305 000	
2020 Grunnskulen	12 541 000	13 623 000	1 082 000	
2110 Styrking av barnehagertilbodet	1 334 000	1 350 000	16 000	
2130 Vaksenopplær. Opplæringslova	-329 000	-314 000	15 000	
2150 Skulefritidsordninga	618 000	589 000	-29 000	
2210 Barnehagebygget, reinhald m.v.	201 000	-931 000	-1 132 000	
2220 Skulebygget, reinhald m.v.	1 152 000	1 152 000	0	
2221 Bokn skule, skyss	450 000	183 000	-267 000	
2230 Skuleskyss	0	143 000	143 000	
2310 Aktivitetstilbod barn og unge	273 000	222 000	-51 000	
2311 Kyrkjebyggd aktivitetshus	154 000	29 000	-125 000	
2320 Førebuing – skule og helsest.	0	4 000	4 000	
3350 Parkar, plassar og torg	160 000	49 000	-111 000	
3700 Biblioteket	551 000	508 000	-44 000	
3730 Kino	20 000	32 000	12 000	
3750 Museum	25 000	9 000	-16 000	
3770 Kunstformidling	13 000	5 000	-8 000	
3800 Idrett	25 000	-28 000	-53 000	
3830 Musikk og kulturskulen	862 000	610 000	-252 000	
3850 Andre kulturtiltak. Bygdebladet	795 000	971 000	176 000	
Totalt	23 151 000	22 819 000	-333 000	

Merknader til driftsrekneskapen

Seksjonen har eit samla underforbruk på kr. 332 000,-.

For 2013 heng det framleis igjen nokre feil når det gjeld kvar dei ulike utgiftene er budsjettert og kvar dei vert ført. Skule og barnehage har overforbruk, medan det på andre tenester særleg innafor kultur er det underforbruk. Underforbruk skuldast mellom anna vakansar og sjukmeldingar. Overforbruk i skule og barnehage skuldast i stor grad høg grad av

spesialpedagogisk hjelp og styrkingstiltak, samt høge vikarutgifter som følge av eit høgt sjukefråvær.

Barn i barnehagen og elevar i skulen som har lovfesta rett til spesialpedagogisk hjelp eller spesialpedagogisk undervisning etter Opplæringslova er kostnadskrevjande. Dette har ført til høgare lønsutgifter enn budsjettet.

Årsverk

Stillingar / årsverk	2006	2007	2008	2009	2010	2012	2013
Barnehagen	7,5	10,1	10,8	10,7	11,4	9,94	9,90
Barnehagen styrking	0,6	1,5	0	0,60	1,50	3,10	3,40
Skulen (utan refusjon)	17,6	16,6	18,3	19,1	20,4	20,4	20,4
Skulen (med refusjon)	5,2	5,5	5,6	6,20	5,00	3,5	3,0
Reinhold skule og b.hage	2,7	2,7	2,7	2,77	2,77	2,5	2,5
Biblioteket	0,6	0,6	0,6	0,62	0,70	0,70	0,7
Musikk og kulturskulen	0,7	0,6	0,6	0,74	1,24	1,77	0,65
Barne/ungdomsarbeidar	0,3	0,3		0,75	0,75	0,5	0,5
Bygdabladet	0,3	0,3	0,3	0,40	0,50	0,5	0,5
Anna kulturarbeid	0,5	0,5	0,5	0,45	0,34	0,34	0,34
Sum stillingar/årsverk	35,4	37,2	39,4	42,4	44,6	43,2	42,9

Sjukefråvær

Avdeling / år	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Barnehagen	15,7%	2,2%	9,0%	3,2%	6%	9,2%	7,7%	7,2%
Skulen	2,2%	2,1%	3,5%	11,5%	7%	5,9%	4,0%	8,2%
Totalt seksjon							6%	8,5%

Sjukefråværet har gått noko ned i barnehagen, medan skulen har hatt ei markant auke. Seksjonen vil auke fokus på arbeid i høve til sjukefråvær og aktivt arbeid med tilrettelegging og søkje tilskot frå NAV når det er mogleg.

Aktivitetsoversyn

Barnehagen	2009	2010	2011	2012	2013
Barn 0 – 3 år	24	21	17	25	9
Barn 4 – 5 år	20	24	33	20	35
Barn i alt per 15. desember	44	45	50	45	44
Barn med heil plass (46,5 t/v)	26	32	30	34	32
Barn med plass 4 vekedagar		2	5	4	5
Barn med plass 3 vekedagar	15	9	11	6	6
Barn med plass 2 vekedagar	3	2	4	1	1
Skulen					
Elevar på barnesteget, 1.–7.steg	90	94	89	86	82
Elevar på ungdomsteget, 8.–10.steg	38	35	35	37	42
Skuleelevar 1.–10. steg	128	129	124	123	124
Barn i SFO 1.–4. steg	28	40	38	42	38
Musikk- og kulturskulen					
Elevtal piano / keyboard	15	14	16	17	15
Elevtal skulekorps / brass		7/12			
Aspirantar til korpsset		9			
Elevtal gitar (forseinka, start 2010)	(31)	32	23	18	7
Andre kunst og kulturuttrykk (Kor)		14	16	17	16
Trommer				7	6

Bygdabladet for Bokn	2009	2010	2011	2012	2013
Utgåver / samla sidetal for året	232	240	264	244	216
Abonnentar i Bokn	293	287	267	270	269
Abonnentar utanfor Bokn	283	281	272	268	269
Abonnentar i alt	576	568	548	538	538
Bygdekino					
Filmar	35	35	41	33	33
Publikum	914	943	1277	888	863
Barne- og ungdomsarb.					
Petra fritidsklubb (12-18 år)	21	20 (21gg)		14 (13 gg)	15
Artep kulturkafe (0 – 100 år)	37	17 (43gg)		15 (33 gg)	17
Julemiddag (ungd.sk. + v.g.sk.)	45	49		39	38
Museet					
Besøkande	18	87	18	0	90
Biblioteket					
Utlån barn	6015	6747	6734	5291	3993
Utlån vaksne	5231	6356	6063	5742	5201
Utlån per innbyggjar	13,9	15,8	15,28	13,14	10,54

Resultatvurdering

Endringar i organisasjonen

PPT-avtalen med Tysvær blei sagt opp i desember 2012. Avtala gjeld då ut 2014. Seksjonssjefsstillinga har vore vakant siste halvdel av 2013, og det er tilsett ny som byrjar januar 2014. Det er elles ingen store endringar i organisasjonen.

Teneste 2010 Bokn barnehage

2013 har vore prega av utbygging av barnehagen med utviding av eininga frå 2 til 3 avdelingar. Utbygginga har involvert både born og tilsette, samtidig som barnehagen har hatt ordinær drift. I tillegg til at det er kome ei ny avdeling, har barnehagen og fått meir funksjonelle lokaliteter med mellom anna eige kontor til pedagogane samt nytt kjølerom, personalgarderobe, lagerrom og grupperom. Avdelingane er og opprusta i høve til leiker og har fått ein ny scene som vil kunne nyttast til mange aktivitetar.

I vårhalvåret 2013 har barnehagen hatt stort fokus ift pedagogikken har gjennomført noen store, og mangen små prosjekter etter filosofien i Reggio Emilia, mellom anna eit planlagt turoppelegg. I april vart det arrangert ei friluftsveke kor barna samla naturmaterialer som vart omdanna til små kunstverk. Desse vart stilla ut slik at foreldra fekk sjå kva borna hadde laga. Barnehagen er som del av Bokn kommune med i Haugalandsløftet, og har i 2013 starta med metoden «være sammen». Implementering av «være sammen» vil halde fram i 2014.

Barnehagen vart av Fylkesmannen i Rogaland innvilga tilskot til «leikeressurs», eit prosjekt for å rekruttere gutter til barnehageyrket. Barnehagen hadde 2 gutter som tok del i prosjektet og vart løna av tilskotet. Både born og tilsette opplevde prosjektet som spanande.

Fylkesmannen i Rogaland hadde våren 2013 tilsyn med barnehagen med fokus på kommunen som barnehagemyndighet, oppfølging av barnehagestyrar og oppfølging av pedagogognormen. Det vart gjeve 2 avvik, og avvika er venta å verta lukka primo 2014. Bokn kommune har avtale med Utsira kommune om gjensidig tilsyn. Tilsyna vil starte i 2014.

Teneste 2020 Bokn skule

Bokn skule har i 2013 vore prega av stort sjukefråvær, både blant personalet og i administrativ leiing. Langvarig fråvær i leiinga gjorde at administrative oppgåver samt pedagogisk utviklingsarbeid vart skadelidande. Fokus har vore å opprethalda dagleg drift samt å sikre at særskilte opplegg rundt elevar vart gjennomført.

Ved oppstart av skuleåret 2013/2014 vart det tilsett 3 avdelingsleiarar med oppgåver i høve til små/ungdomsskulen og Team Ekstra.

Det har ikkje vore store investeringar i 2013. Det vart på slutten av året kjøpt inn eit nytt administrasjonssystem som mellom anna vil kunne gjere arbeid med timeplan meir effektivt.

Arbeid med å hindra mobbing og auke trivsel har vore prioritert ved Bokn skule i fleire år. Skulen deltek i eit klasseleiings prosjekt i regi av Haugalandsløftet. Prosjektet er toåring og vert avslutta våren 2014. Det vert mellom anna arbeida med å få meir eins klassereglar på heile skulen, samt eit merknadssystem for ungdomstrinna.

Det har i 2013 vore ei auke i tal på enkeltvedtak om særskilt tilrettelegging, 12% av elevane har vedtak. Dette er ei trend som og dei andre kommunane på Haugalandet opplev. Auken har særleg fokus i Hauglandsløftet, og arbeid med å hindre slik utvikling framover vil ha stort fokus vidare.

Teneste 2110 Styrking av barnehagetilbodet

Vi har i 2013 hatt 4 § 5 barn, og 1 som har hatt trøng for anna styrking. En ser en økende tendens til barn som er fremmedspråklige, og det er viktig å styrke tilbuet i barnehagen for denne gruppen. Det henvises her til Hauglandsløftet. Barnehagen har i 2013 hatt 140% stilling som styrking, av dei 100% pedagog og 40% assistent.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Det har i 2013 vore stor aktivitet ved vaksenopplæringa. Det har vore sett i gong kurs for både nye og vidarekomne. Vaksenopplæringa har hatt eit samarbeid med Bokn plast for språkkurs for deira tilsette. Det har vore kjøpt noko teneste frå Tysvær kommune på områder ein ikkje har hatt eigen kompetanse.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga

SFO flytta på slutten av året inn i nye og meir funksjonelle lokalar som gjer mindre logistikkutfordringar i det daglege kor dei tidlegare nyttja eksisterande klasserom. Dette har vore ei positiv endring for elevar og personalet.

Teneste 2210 og 2220 Reinhald i barnehagen og skulebygget

Det er 3 reinhaldarar i 70 % stilling knytt til skulebygget. I barnehagen er det ein reinhaldar i 40 % stilling. Når barnehageutvidinga no er ferdig må denne stillinga vurderast utvida.

Teneste 2210 og 2220 Barnehagebygget og skulebygget

Branngryggleiken i barnehage- og skulebygg i opningstida er tilfredsstillande, og barnehagen og skulen er gode på å få alle raskt ut når alarmen går. Det er den høgast prioriterte oppgåva.

Teneste 2221 Skuleskyss (vanleg skuleskyss og skyss til symjeopplæringa)

Skyssordninga frå førre skuleår er videreført for 2013/ 2014. Ordninga fungerer tilfredsstillande. I samband med bygging av ny bru over E 134 har ein måtte organisere skyss med taxi for dei minste barna. Utgiftene til dette vert refundert frå Statens Vegvesen.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, og teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Det har vore 19 Petra-kveldar gjennom året, med eit besøksgjennomsnitt på 15 ungdommar. Ungdommar frå 8. – 10. klasse har vore mest på fritidsklubben, men også frå vidaregåande. 12 styremøter (6 ungdommar – 8.-10. kl. + barne- og ungdomsarbeidar). Det har vore 2 juniordisko (vår og haust). Enkelte Petra-kveldar i hausthalvåret samla over 30 ungdommar. 38 stk. deltok på julemiddagen med god mat, ulike aktivitetar og konsert. Petra fritidsklubb sitt lokale har vert utleigd 18 gonger til barneselskap i 2013. Det har vore befaring i kjellaren med omsyn til utbetring, og det vil krevjast ein del ressursar for å kunne takast i bruk.

Det har vore 41 Artep-ettermiddagar/kveldar i 2013, med eit besøksgjennomsnitt på 17 barn. Det er oftast fleire barn enn vaksne. Om hausten var det dagar med nærmare 20 barn til stades.

Det vart supplert med noko utstyr til fritidsklubben og kulturkafeen. Det vart gjort noko innkjøp, medan ein del vart gjeve frå innbyggjarane.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Velforeningane fekk kommunal støtte til ulike vedlikehaldsprosjekt av leikeplassane sine.

Teneste 3700 Bibliotek

Folkebiblioteka har som oppgåve å fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggast vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Folkebiblioteket og skulebiblioteket blei slått saman frå 1.1.1995. Det vart i 2013 auka frå 50 til 60% stilling i folkebiblioteket medan det er 12 % i skulebiblioteket.

Dei fire siste åra har det vore ei ordning med ope 3 t måndag ettermiddag, denne ordninga blir videreført i 2014.

Skulebiblioteka er ein del av det nasjonale biblioteksystemet og skal vera eit fagbibliotek som skal brukast aktivt av elevar og lærarar, samstundes skal det ivareta allmennkulturelle oppgåver som utlån til fritidslesing. Skulen i Bokn er storbrukar av biblioteket, og er for innbyggjarane ein viktig møteplass. Den nasjonale transportordninga som biblioteket vart del av i 2011 har gjeve innbyggjarane eit betre tilbod då biblioteket kan bestilla bøker frå heile landet og få dei levert ein gong i veka. Ordninga vil bli vurdert utvida for 2014.

Biblioteksjefane på Haugalandet har faste møtepunkt, og det er og faste møter med småkommunar i fylket for fagutvikling. Det er og 4 årlege vurderingsmøter for barne- og ungdomslitteratur på Haugalandet som biblioteksjefen deltek på.

Utlån og besøk

Det totale utlånet for 2013 var 9 194 medan det i 2012 var 11 243. Det vil sei 10,54 i snitt pr innbyggjar i 2013 mot 13,2 pr. innbyggjar i 2012. Snitt i Norge i 2012 var 4,1 pr innbyggjar. Besøket var på 5061, 5,85 pr. innbyggjar. Snitt i Norge 2012 var 4,1.

Fjernlån frå og til andre bibliotek aukar stadig. Biblioteket har og som oppgåve å låne inn bøker til framandspråklege som bur i kommunen.

Aktivitet i 2013

Vaksne: Samarbeid med Dagsenteret.

For alle: Markering av Verdas bokdag.

Samarbeid med helsestasjonen om utdeling av bøker til 1 og 2 åringar.

Biblioteket har eit samarbeid med Bu og aktivitet om bytting av bøker som er sett ut på venterom til lege, tannlege og Bokn sjukkestove. Dette ei meiningsfull oppgåve for personar med funksjonshemmingar som gjør ei viktig oppgåve for biblioteket.

Vaksenopplæringa nyttar lesesalen i biblioteket til undervisning to gonger i veka.

Teneste 3730 Kino

Kinobesøket er avhengig av kva for nokre filmar som blir vist av Bygdekinoen. Samanlikna med 2012 var det i 2013 færre publikumstoppar og ei avlysing av potensielle populærfilmar som førte til ei lita nedgang i publikumsoppslutning. Barn og unge går mest på kino i Bokn, og med omsyn til innbyggartal er eit gjennomsnitttal for 2013 på over 26 veldig bra mot 27 for 2012.

Teneste 3750 Museum

Bygdemuseet hadde i 2013 ei sterk auke i besøk mot ingen besøk i 2012. Dette skuldast at Bokn historielag hadde ope kvar sundag frå 30. juni til 11. august. Det var både fastbuande og andre som nytta seg av sommartilbodet. God skilting fanga opp turistar til/frå Boknafjellet, som la løypa innom ungdomshuset på Håland. Det vil arbeidast med å få skule og barnehage til å nytta seg av ulike opplegg som museumspedagogen i Haugalandsmuseene gjer tilbod om.

Museumsbygningane i Bokn har vedlikehaldsbehov, og det må i 2014 kartleggast og tas stilling til korleis kommunen skal følgje opp arbeidet.

Teneste 3770 Kunstformidling

Bygdekinoen, Den Kulturelle Skolesekken og arrangement gjennom kulturskulen og biblioteket sørger for faste kommunale kulturarrangement gjennom året. I samband med TV-aksjonen blei det arrangert ein TV-aksjonskveld med tankelesar Vidar Hansen og rockebandet FordRekord.

Teneste 3830 Musikk og kulturskulen

Våren 2013 var det tilsaman 44 deltagarar i dei ulike aktivitetane i kulturskulen, ei auke på 2 sidan 2012.. Desse var fordelt med 15 elevar på piano, 6 elevar på trommer og 16 medlemmar i Boknakoret. Gitar- og trommelæraren slutta hausten 2013, slik at tilbodet vart redusert til piano og kor. Det har vore kjøpt inn noko utstyr i 2013, mellom anna eit slagverk. Vakansar og sjukmeldingar i tenesta har ført til redusert aktivitet for året, men aktiviteten er venta å auke i 2014. Mellom annе vert oppstart av barnekor vurdert.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar

Abonnenttalet til Bokn Bygdablad held seg stabilt, og bladet tilhører dei få innan pressa i Noreg der papirversjonane ikkje tapar i høve til nettutgåver.

I høve til kulturmidlar (kr. 150 000,-) blei aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter prioriterte.

Bedehuset, Dataklubben BCG, Gatebilkklubben, Historielaget, Idrettslaget, Speidarane, Musikkorpset, Mållaget og Vevstova fekk det dei søkte om. Båtforeningen, Pensionistforeningen og Skyttarlaget fekk det same som i fjar. Friskis og Svettis Bokn fekk opstartsmidlar.

§7- midlane gjekk til Bokn musikkorps: 50 års-jub. I 2014.

Bygdebokarbeidet

Forfattar og bygdeboknemnd hadde eit godt arbeidsår i 2013.

Utviklinga framover

Med utbygging av barnehagen vil Bokn kommune vere godt skodd med omsyn til antall plassar i barnehagen i overskodeleg framtid. Den eine klassen på skulen er stor og me slit med å finne godt nok klasserom til denne, men kulla i barnehagen tilseier ikkje at dette vil bli noko problem som gjentek seg i åra som kjem.

Utfordringar i seksjonen går på noko vedlikehald av skulebygningen. Som kjent er fyrkjelen på overtid og taket på skulen er ein stadig utfordring for vaktmeistrane.

I barnehagen har vi god bemanning både når det gjeld barnehagelærarar og assistenter med fagbrev. Framtida ser og lys ut då fleire tek utdanning på deltid mens dei arbeidar i Bokn barnehage. Skulen har hatt lærarar i permisjon for skuleåret 2013/2014, og våren 2014 vert viktig med omsyn til administrativ organisering og å få planlagt personalet i høve til ordinær drift samt styrkingstiltak.

Når det gjeld barn som treng spesialpedagogisk hjelp/ undervisning i barnehage/ skule ligg Bokn høgt. I Bokn barnhage har 4% av barna vedtak om spesialpedagogisk hjelp medan 12% i Bokn skule har vedtak. Ein ynskjer å kartlegge dette slik at ein får avdekka grunnane til dette. Seksjonen vil arbeide systematisk mellom anna ved aktiv deltaking i Haugalandsløftet. Det vil i 2014 bli utarbeida ein overordna plan for kommunens mål i prosjektperioden som går til 2017, med mål om reduksjon i andel spesialpedagogisk hjelp ved mellom anna å auke kompetanse blant personalet i skulen og barnehagen. Gjennom kommunen sin deltaking i Haugalandsløftet vil ein bidra til dette. Prosjektet «Relasjonell klasseleiing» vil bidra til å gje den einskilde eleven betre tilpassa opplæring i gruppa/ klassen og på den måten minke trøngen for spesialpedagogiske tiltak. Barnehagen er tilsvarande del av prosjektet «Være sammen».

RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE, SOSIAL OG BARNEVERN

Innleiing:

Tenestene i seksjonen er godt innarbeidde. Brukarane kjenner godt til tilboda, og terskelen for å ta kontakt for å få hjelp er låg hos dei fleste.

Det pågår eit kontinuerlig arbeid i kommunal sektor med å implementera samhandlingsreforma. Det er stor aktivitet sentralt og regionalt for å avklåre dei fulle konsekvensane av reforma for kommunane sin del. Bokn kommune er representert i dette arbeidet både av ordførar, rådmann, seksjonssjef og nøkkelpersonell.

Målsetjinga

Hovudmålsetjinga for arbeidet i seksjonen er å yta rett helsehjelp til enkeltmennesket til rett tid, førebyggje sjukdom og skade, samt habilitere og rehabiliterer etter behov.

Målsetjinga for sosial- og barnevern tenesta er å sikra alle innbyggjarane i kommunen gode tenester, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Kvalitet, kompetanse, medansvar, fleksibilitet og tryggleik skal vera grunnpilarar i arbeidet vårt.

Seksjonen har følgjande serviceerklæringer:

Lovverk og forskrifter fastset på mange av områda ein minstenorm for kva tiltak og tenester vi skal yta. Følgjande service-erklæringer er utarbeida for tenesteområda:

Jordmortenesta	Avlastningsheim
Helsestasjonstenesta	Gjeldsrådgjeving
Skulehelsetenesta	Hjelp til rusmisbrukarar
Heimehjelp	Transportordning
Heimesjukepleie	Bustad for vanskelegstilte
Dagsenter for eldre	Husbanksaker
Korttidsopphald for avlastning og rehabilitering	Råd og rettleiing
Institusjonsplass for aldersdemente	Støttekontakt
Tryggheitsalarm	Økonomisk sosialhjelp
Omsorgsbustad	Barneverntenester i familien
Middagsutkjøring	Barneverntenester utafor familien

I tenesteytinga opplever personalet at det er hensiktsmessig å kunne visa til serviceerklæringane. Nokon av serviceerklæringane er sjeldan i bruk, men sett likevel ein standard. Serviceerklæringane skal fortlaupande haldas ved like, og oppdaterast/reviderast etter behov.

Organisering

Seksjonen har eit vidt tenestespekter for mange pasient- og brukargrupper i alle aldrar.

Seksjonen er inndelt i følgjande driftsområde:

Planlegging og utviklingsarbeid, støtte til driftsområda
Førebyggande arbeid, skule- og helsestasjonstenester
Aktivisering eldre og funksjonshemma
Diagnose, behandling og rehabilitering
Pleie og omsorg, hjelp i institusjon og hjelp i heimane
Psykisk helsearbeid
Første beredskapsteneste (tidligare ambulansen)
Barnevern
NAV (sosialteneste)

Seksjonen er organisert på følgjande måte:



Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Regnskap 2013	Avvik frå Budsjett 2013
Brutto utgifter	25.509	27.649	28.047	101
Brutto inntekter	-4.265	-3.483	-4.229	121
Netto utgift	21.243	24.166	23.818	99

Aktivitetsoversyn pr år

Tabellen under viser aktivitetane i dei ulike tenestane frå 2008 – 2013.

Aktivitet / tenester	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bebuar i sjukeh.døgnopph.	22	22	19	20	20	22
Antal døgnopphold i sjukeh.	4371	3591	3275	3040	2922	3739
Antal dagopph.i sjukeh.	0	0		66	72	24
Beleggsprosent døgnopph.	108,6	89,44	81,57	75,72	72,58	93,13
Antal mottakarar av praktisk bistand i heimen	21	17	19	17	19	22
Brukbarar av psyk. Helsevern – over 18 år	15	17	19	26	22	24
Brukbarar av psyk. Helsevern – barn og unge	1	1	0	3	3	12
Middagsutlevering	1685	1883	2142	1882	1868	1626
Dagsenteropphald	274	331	334	390		360
Legekonsultasjonar	1184	1821	2116	2007	2316	2120
Fastlegetal for kommunelege	400	470	494	531	559	572
Krisesenteret						89
Fysikalsk behandling	1325	1291	1687	1548	1703	1859
Fysikalske behandling – kommunale oppgåver					45	25
Ambulanseoppdrag	58	62	16	14	17	25
Antal brukarar som mottok økonomisk sosialhjelp	11	11	9	16	15	13
Avlastning / besøksheim	3	3	2	3	2	2
Støttekontakt	11	11	8	10	8	10
Bustøtte	16	16	16	12	13	
Eldrerådssaker	23	24	17	17	4	15
Barn m/ tiltak i barnevernet	6	6	5	6	4	11

Kompetansesamsetningen i seksjonen

Bemanningssituasjonen i høve formalkompetanse er svært god for seksjonen. Ein har i dag formalkompetansen i henhold til krav i alle fagstillingar i seksjonen.

Fire av dei tilsette i sjukestova fullførte desember 2013 demensomsorgens ABC. Helsesøster fullførte si vidareutdanning i psykososialt arbeid til barn og unge sommaren 2013. Einingsleiar pleie og omsorg er sommaren 2014 ferdig med vidareutdanning i leiing ved Høgskolen Stord/Haugesund.

Utfordringa i åra som kjem vil vera og behalda dyktige medarbeidarar, gjennom god personalpolitikk og høve til å ta i bruk tileigna kompetanse samt vidareutvikling. Det vil samstundes vera avgjerande å kunna rekruttera nye dyktige fagfolk ved ledige stillingar.

Bemannninga i seksjonen

Frå 2012 til 2013 har det vore ei auke på 2,55 årsverk. I budsjettvedtaket for 2013 blei det lagt inn ei auke på 0,2 årsverk i psykisk helse og 0,2 årsverk til å tilsette einingsleiar for helsefremmande og førebyggjande arbeid. Resterande 2,15 årsverk skuldast at det i juni blei etablert eit skjermingstilbod for demente i sjukestova for å kunne gje eit forsvarleg tilbod til denne brukargruppa.

Fordeling av årsverk:

Teneste	2008	2009	2010	2011	2012	2013
2320 – Helsestasjon/jordmor	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8
2330 – Førebyggande arbeid	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
2340 – Aktivisering eldre og funksjonshemma	5,46	5,46	5,46	5,46	5,91	5,91
2410 – Legekontor	1,1	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6
Fysioterapi	0,6	0,6	0,6	0,6	0,75	0,75
2530 – Sjukestova	9,72	9,72	9,72	9,72	9,72	11,87
2540 – Hjelp i heimen	3,68	3,68	3,68	3,68	3,68	3,68
2540 – Psyk.spl.teneste	1,1	1,1	1,1	1,1	1,1	1,5
2850 – Ambulanseteneste	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8
2420 - Sosialteneste	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
2440 - Barnevern	0,3	0,3	0,3	0,5	0,5	0,5
2340 - Støttekontakt/avlast/oms.løn	1,8	1,8	1,8	1,3	1,3	1,3
Sum årsverk	26,36	26,86	26,86	26,56	27,16	29,71
Sum antall tilsette	40	40	40	40	40	46
Gjennomsnittleg stillingstørrelse	66 %	67 %	67 %	66 %	68 %	65 %

Nasjonale tal peikar på at det er i pleie og omsorg ein finn mest deltid. 37 av dei 46 tilsette i seksjonen arbeidar i turnus, det er 21,5 årsverk. Dette gir ein gjennomsnittleg stillingsstørrelse for dei som arbeider turnus på 58 %.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i seksjonen har store variasjonar frå år til år. Fråværet i 2012 var høgare enn på mange år og skuldast i stor grad langtidsfråvær på grunn av sjukdom inkl. svangerskapsrelatert sjukdom. I 2013 er sjukefråværet gått ned til 5,3 %.

Seksjonen har i 2013 arbeidd systematisk med oppfylging av sjukemeldte i nært samarbeid med Nav og behandlende lege. I den grad det har vore mogeleg har ein tilrettelagd arbeidet.

Hausten 2013 blei det etablert HMS gruppe kor lokalt verneombod, leiinga og bedriftshelsetenesta er representert. Formålet med denne gruppa er å arbeida systematisk med å betre HMS arbeidet i seksjonen slik at ein kan utvikla eit helsefremmende arbeidsmiljø og førebyggja skade (vernerundar, risikovurderingar, avvik, sjukefråveret m.m.). Gruppa har faste møter kvar 6. veke.

Driftsresultat fordelt på dei ulike tenestane i seksjonen:

Teneste	Driftsresultat 2013	Budsjett Netto utgifter	Rekneskap Netto utgifter	Avvik frå budsjett
2320	Førebuing - skule og helsestasjon	628	719	-91
2330	Førebyggande arbeid	881	682	199
2340	Aktivisering av eldre og funksjonshemma	3.460	3.230	231
2410	Diagnose, behandling, rehabilitering	2.566	2.658	-92
2420	Sosial rådgiving og rettleiing	219	303	-84
2440	Barnevern tenesta	327	472	-145
2510	Barnevern tiltak i familien	140	102	38
2520	Barnevern tiltak utanføre familien	-15	429	-430
2530	Pleie omsorg, hjelp i institusjon	11.138	10.850	286
2540	Pleie omsorg, hjelp i heimen	2.683	2.744	-61
2730	Kommunale sysselsettingstiltak	280	96	184
2760	Kvalifiseringsprogrammet	117	0	117
2810	Økonomisk sosialhjelp	494	427	67
2850	Første responder tenesta	629	522	107

Dei fleste overskridingane i enkelte tenester skuldast at budsjettet for 2013 var lagt før dei lokale forhandlinga var ferdige hausten 2012. I desse lokale forhandlingane valte kommunen å gje sjukepleiarane eit betydeleg lønnsløft i håp om at dette skulle behalde og rekruttere sjukepleiarane i eit svært krevjande arbeidsmarknad.

Resultatvurdering

Teneste 2320 – Førebuing, skule og helsestasjon

Helsestasjon- og skulehelseteneste til born og ungdom 0-20 år, og svangerskapskontroll til gravide, er lovpålagte kommunale tenester.

Tenesta er eit viktig tiltak for å førebyggja sjukdom og fremje fysisk og psykisk helse, og sikre born og unge eit godt oppvekstmiljø. Tilbodet omfattar helseundersøkingar, rådgjeving, rettleiing og opplysningsarbeid.

Helsestasjonstenesta

I 2013 vart det berre fødd 2 barn i Bokn kommune. Desse har fått tilbod om heimebesøk innan to veker etter fødsel. I 2013 har vi hatt ein auke på til flyttande familiar med barn.

Dette er barn både i barnehage- og skulealder. Så til tross for lave fødselstall, aukar innbyggjartalet. Helsestasjonen arrangerte ikkje tradisjonelle barselgrupper pga. lite kull.

Helsestasjonens obligatoriske helseundersøkingar for de ulike alderstrinn har blitt gjennomført utan vanskar i 2013. Nytt av året var at 6 vekers undersøkinga blei utvida med ca. en time sidan helsesøster tar EPDS screening på mødrane samt gir støttesamtale omkring mors psykiske helse etter fødselen. Vaksinasjonsdekninga i kommunen frå 0-5 år er fortsatt på 100%.

Helsestasjonen opplevde i 2013 ein auke av familiar som strevar i periodar; det kan være foreldre som strevar med grensesetting, søvnvanskar hos barna, samlivsbrott e.l. Ofte er helsestasjonen første instans som blir kontakta. Kommunen arbeidar med å vidareutvikla tilbodet til desse da deler av dette faller utanom det ordinære helsestasjonsprogrammet.

Det har også flytta fleire framandspråklege familiar til Bokn dei siste åra. Desse treng ekstra oppfølging på fleire områder: oppdatering av vaksinar, språk, familierettleiing.

Skulehelsetenesta

Helsesøster har dei siste åra ikkje hatt faste trefftid på skolen. Årsaka er at rommet ikkje er eigna til å jobbe uforstyrra. Helsesøster er difor mindre synleg på skulen enn ynskjeleg.

For å kompensera for dette er helsesøstera synlig i eit friminutt kvar onsdag, har faste innslag i undervisninga til elevane gjennom året og er fast medlem i tverrfaglege møter i skule- og barnehagen. Det har som følgje av dette dei siste åra vert ei jann auke i antal som tek kontakt frå skulen - både elevar, lærarar og foreldre. Dei eldste elevene tar oftare kontakt med helsesøster sjølv. Helsesøster har tilbod om støttesamtaler med barn. Tilboden er nytt av fleire elevar i 2013.

Alle elevene på skulen har fått tilbod om vaksiner etter anbefalt vaksinasjonsprogram og samlege har tatt imot i 2013.

Helsesøster har sidan sommaren 2011 hatt mulighet til å skrive ut prevensjonsmidlar til jenter i alderen 16-19 år.

Helsestasjonen har mange samarbeidspartar i arbeidet med barn og unge. Det kan nemnas lege, bibliotek, jordmor, barnehage, skule og psykisk helseteneste.

Hausten 2013 arrangerte helsestasjon foreldrekurset: *smarte foreldre*. Det er foreldrekurset for foreldre som har engstelige/triste barn, der foreldra lærer om psykisk helse og lærer seg teknikkar for å hjelpe barnet sitt best mulig. Vi leide inn ein barnepsykolog for å holde kurset. Kurset gikk over 5 kveldar, og foreldre måtte melde seg på. Kurset var fullteikna, og blei svært vellykka. Det er satt av midlar i budsjettet for 2014 til å arrangere eit nytt kurs til hausten.

Teneste 2330 – Førebyggande arbeid

Kommunen skal i henhold til folkehelselova fremme befolkningas helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygga psykisk og somatisk sjukdom,

skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale ulikheitar innan helse og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Dette ansvaret pålegg heile den kommunale tenesta og er innarbeida i alle tenestane og er sentralt i planarbeidet i seksjonen.

I 2011 blei det interkommunale samarbeidet innan miljøretta helsevern lagt ned og det er kommuneoverlegen som nå i varetar dette ansvaret. Kommunen har sidan det interkommunale samarbeidet blei nedlagt forsøkt å få i gang eit nytt samarbeid på Haugalandet på dette området. Dette har ikkje lukkast. Kommunen har difor valt i budsjettet for 2014 å setja av pengar til å kjøpe tenester frå sør fylket. Det er i gang ein prosess med å få dette på plass i løpet av 2014.

Bokn kommune har saman med omliggande kommunar etablert interkommunalt krisesenter. Krisesenter vest IKS har to avdelingar som dekker 17 kommunar. Avdelingane er lokalisert i Haugesund og på Stord. Det er svært viktig at det finns eit tilbod om krisesenter som kan ta i mot klientar når ein har behov for det.

Tildeling av løyve til sal av alkoholhaldig drikke og kontroll av alkoholomsetning er ein del av dette området. Bokn kommune har gitt løyve til ølsal i 1 butikk, og servering av øl og vin til 1 serveringsverksemder. I tillegg har kommunen 2 ambulerande løyver for brennevin til slutta selskap, pluss øl og vin til slutta lag. Kommunen har avtale med vakselselskapet Securitas som gjennomfører kontroll av sal og skjenking av alkohol. Det har i 2013 ikkje vore kritiske merknader til alkoholomsetnaden i kommunen.

Teneste 2340 – Aktivering eldre og funksjonshemma

Tiltak for funksjonshemma er eit område som krev omfattande ressursar, både frå helse- og sosialseksjonen og andre seksjonar. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelpe til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar.

Ein del av dei funksjonshemma treng bistand heile døgnet, medan andre får tiltak som støttekontakt, avlastning, eller omsorgsløn til pårørande. Omsorgsløn til personar med omfattande omsorgsarbeid vert også utbetalt i kombinasjon med andre hjelpetiltak.

Tenestene er lovpålagde. Det er ei utfordring i periodar å skaffa tilstrekkeleg med avlastarar og støttekontaktar.

Bu og aktivitet

Ved avdelinga Bu og Aktivitet er det personar med fysiske og psykiske funksjonshemmingar som får tilbod om bustad og/ eller dag aktivitet. Avdelinga har og ansvar for dagsenter for personar over 70 år.

Dag aktivitet for personar med funksjonshemmning er eit omsorgs og aktivitetstilbod til personar som ikkje kan delta i ordinært arbeidsliv. Døme på aktivitetar er symjing, kulturskule, bibliotek, turar, spel og ulike hobbyaktivitetar. Ein har også eit samarbeid med biblioteket om henting og utlevering av bibliotekbøker på sjukestova og venteromma i Boknatun. Personar med psykisk utviklingshemming har tilrettelagt arbeid i og utanfor kommunen på dagtid. Bokn kommune har avtale med desse

arbeidsplassane. Dette gir ikkje berre eit meiningsfullt arbeid men er også ein viktig sosial arena.

Dagsenteret held til i stova til omsorgsbustadene og har ope kvar tysdag. Dei som har behov for det får skyss til og frå. Denne vert utført av Bokn-taxi.

Det er om lag 10 damer frå 70 år og oppover som brukar dagsenteret. Tilbodet er også for menn, og det hender at det er ein mann innom, men det kunne vere kjekt med fleire. På dagsenteret spelar dei bingo, driv med handarbeid og har det sosialt. Det vert servert middag og med jamne mellomrom kjem det nokon og underheld med f. eks song. Eit par gonger i året prøver dagsenteret å ta ein tur utanfor kommune for å handle og ete ein god middag.

Avlastinga

Avlastinga er ein bustad som kommunen eig og som er tilrettelagt for personar med funksjonshemmning. Det vil sei at det er tak heis, alarmsystem og automatiske døröpnarar. Det er no berre to brukarar som nyttar denne bustaden til faste tider men det er mogleg å auke bruken om det vert behov. Slik det er no er det ikkje noko problem å utvide avlastningsperiodar ved akutte behov.

Teneste 2410 – Diagnose, behandling og rehabilitering

Legetenesta

Det var ved utgangen av 2013 571 pasientar tilknytta Bokn legekontor. Dette er ein netto auke på 12 pasientar. Det har vore vanleg drift med lege tilstades ved kontoret i 39 veker eller 100 dagar.

Frå og med august 2013 har Jan Schille vore fast tilsett som lege i Bokn kommune. Dette etter Rønnevik sin oppseiling etter endt permisjon.

Det blei kjøpt inn 24t BT målingsapparat i 2013. Dette har vist seg nyttig i diagnostikk av kontortrykk.

Legen har i 2013 vore på obligatorisk grunnkurs A for spesialisering i allmennmedisin, bestått sjåførprøve for 160 kode og blitt godkjend som petroleumslege og sjømannslege

Legevakt / Legevaktsentral

Legevaktsamarbeidet for Tysvær, Bokn og Sveio fungerer godt på det praktiske planet. Legevaktsentralen i Bokn blei i 2008 knyta opp mot AMK-sentralen, som tek imot alle legevakt handvendingar for Bokn. Dette på grunnlag av avtale med AMK-sentralen, som blei underskriven i byrjinga av 2008. Det har i 2013 vært gjennomført en prosess i legevaktsamarbeidet der ein har sett på mogeligheten til å sjå kravet om øyeblikkleg hjelpsenger

Fysioterapi

Fysioterapitenesta i Bokn kommune blei i 2012 styrkja med at driftstilskotet blei auka frå 60 % til 75 % på bakgrunn av det aukande behovet for førebyggande og kurativ behandling. Tenesta blir ivaretaken av ein fysioterapeut med driftstilskot.

Fysioterapeuten har gjeve innbyggjarane i Bokn eit poliklinisk tilbod, samt ivaretatt kommunale oppgåver innan pleie og omsorg, skule og barnehage.

I 2013 har fysioterapeuten hatt trening med barn i SFO og damer over 60 år. Det er gjort investering i trykkgølge apparat som har hatt god effekt på fleire typer diagnoser. I august flyttet instituttet inn i nye lokalar.

Hjelpemidler

Blant pleiegruppa ved sjukestova finner vi også de kommunale syns-og hørselkontakter. De gir et godt tilbud til befolkningen om utredning og hjelpemiddel innen sine fagområder. Hausten 2013 har kommune arbeida med å rekruttera ergoterapeut. Denne stillinga blei besett i slutten av 2013. Vedkommande er tilsett i full stilling i sjukestova, og skal blant anna arbeida systematisk med hjelpemidlar, tilrettelegging av heimane til brukarar og koordinere kommunens habiliterings- og rehabiliteringsarbeid.

Teneste 2420 – Sosial rådgjeving og rettleiing

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja m.a. arbeid, trygd, utdanning og bustad.

NAV

Tenesta omfattar eit partnarskap mellom stat og kommune. 175 % stilling er statleg finansiert mens 70 % er kommunalt finansiert.

Kommunen og staten er likeverdige samarbeidspartnar som aktivt skal bidra til å skapa eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal partane skape eit vel fungerande arbeids- og velferdskontor som fram står som ei eining for brukarane.

Føremålet med tenesta er, i samsvar med måla i arbeids- og velferdsforvaltningslova og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvaltning mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, i fellesskap å arbeide for:

- å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
- enklare og vere tilpassa brukaren sine behov
- ein heilsakapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvalting

Teneste 2440 – Barnevern

Tenesta omfattar løn og driftsutgifter til barnevern tenesta. Bokn kommune har sidan 2009 hatt eit samarbeid om barnevern tenestar av Tysvær kommune.

Hausten 2011 forhandla Bokn kommune fram ein avtale med Tysvær kommune om eit meir fast barnevern samarbeid mellom dei to kommunane. Avtalen var etter "vertskommune-modellen" og inneber at Tysvær kommune i varetak barnevernsarbeidet på vegne av Bokn kommune. Rådmannen i Tysvær var i kraft av denne avtalen delegert vedtaksmynde etter lov om barnevern tenester for Bokn kommune. Avtalen blei gjort gjeldande f.o.m. 01.01.2012.

Medio desember 2012 vedtok kommunestret å si opp fleire avtaler kommunen har med andre kommunar og verksemder. Barnevern avtalen blei som fylgje av dette sagt opp

ved årsskiftet 2012/2013. Avtalen hadde verknad ut 2013. Frå den 01.01.14 har Bokn inngått eit vertskommune avtale med Karmøy kommune.

Barneverntenesta mottok 10 meldingar i 2013 som gjaldt Bokn (5 i 2012). Det var ein større andel offentlige meldarar enn i 2012. På grunn av utfordingar i personalsituasjonen i 2013 med vakansar og sjukmeldingar blei det ein del fristbrott i 2013. Dette slo mest ut i andre halvår, kor det var 70 % fristbrott på undersøkingssakane som ble avslutta i siste halvår.

Teneste 2530 – Pleie, omsorg, hjelp i institusjon

Det har vært ein markant auke i søknader om pleie- og omsorgstenestar i 2013 i forhold til 2012. Tabellen under viser at auken har vært størst i institusjon, heimesjukepleie og heimehjelp. Det er ein auke med 65 % i søknader samanlikna med 2012.

Tjeneste	2012	2013
Trygghetsalarm	4	3
Langtidsplass	1	3
Korttidsplass	12	16
Middagsombringning	5	7
Hjemmesykepleie	10	19
Hjemmehjelp	4	8
Tekniske hjelpemidler		1
Avlastningsopphold	2	3
Omsorgsbolig	1	2
Praktisk bistand og opplæring		1
Dagopphold		3
Vekselsplass	1	
Totalt søknader:	40	66

Det har i periodar i 2013 vært overbelegg på sjukestova. Dette har medført at ein i 2013 ikkje har kunne tatt imot gjestepasientar.

I planen for 2012 var eit av satsingsområda til kommunen å byggja opp ein eigen skjermingseining til urolige demente. Denne kom på plass seinhausten 2013. Det er i denne eininga plass til inntil to pasientar ved behov. Det har som følgje av dette vært arbeida systematisk med å heva kompetansen til personalet på dette området. Til hjelp i dette arbeidet har vi fått rettleiing av Helse Fonna ved alderspsykiatrisk eining, frå bedriftshelsenesta og Bjørgene omsorgssenter i Haugesund kommune. Det er oppretta ein eigen ressursgruppe i pleie- og omsorgstenesta, som har hatt særlig fokus på korleis ein arbeidar med urolige demente.

Det har sidan mai 2013 vært aktivt prøvd å få i gang et tilbod til heimebuande menneske med kognitiv svikt, men dette viste seg vanskelig å få gjennomført parallelt med å utvikla skjermingseininga. Hensikta med dette dag tilboden er at ein skal avlaste pårørande og lette overgangen for den gjeld når dei på sikt skal bu på sjukestova. Dette vil være ei satsingsområde å få på plass i 2014.

Teneste 2540 – Pleie, omsorg, hjelp i heimen

Heimesjukepleie/Heimehjelp

Det har vært ei auke i antal søknadar om heimesjukepleie og heimehjelp i 2013. Dette skuldast dei eldre lever lengre, har meir samansette behov, ønskjer å bo heime lengre enn tidligare samt samhandlingsreforma medfører at menneske blir skriven ut frå sjukehuset tidligare enn før. Dette kombinert med at det ser ut til at fleire enn i 2012 har behov for institusjonsplass, aukar presset på heimebaserte tenestar. Heimesjukepleie inn viljast hurtig der behova finnes.

Det har i 2013 vært aukande antal innbyggjarar som har fått inn vilja heimehjelp. Bokn kommune ligg høgare i inn vilja heimehjelp enn omliggande kommunar. Det pågår eit arbeid for avdekka årsakene for dette slik at ein kan i verksetja tiltak for å betre denne situasjonen.

Psykisk helseteneste

Hovudmålsetjinga for arbeidet i helsesekksjonen er å yta rett helsehjelp til enkeltmennesket til rett tid, førebyggje sjukdom og skade, samt habilitere og rehabilitera etter behov.

Psykisk helseteneste er eit lav terskel tilbod til alle innbyggjarane i Bokn kommune. Kontoret har hatt opningstid alle kvardagar i 2013. Tenesta har framleis kort ventetid. Dei fleste nye som ønskjer samtalar, vert kontakta innan fem virkedagar og får timeavtale. Dersom det er akutt, får ein time på dagen. Kontoret er stengd dersom dei tilsette er på kurs, ved sjukdom eller ved ferieavvikling. Ved akutt behov kontaktar brukarane desse dagane sin fastlege/legevakt.

Mobiltelefonen er viktig for tilgjengelegheta då dei tilsette ikkje alltid sit på kontoret. Våre brukarar vekslar mellom å ringje og sende sms.

Tenesta har hatt ein jann auke i antal brukarar dei siste åra. Av aktivitetsoversikten er det verd å merka seg at det i 2013 er registrert eit auke i antal barn og unge mottar hjelp frå psykisk helseteneste. Inntil sommaren 2013 var det praksis i Bokn at barn/unge under 18 år fekk oppfølging av helsesøster, mens dei over 18 år fekk oppfølging av psykisk helse. Frå sommaren 2013 har kommunen valt å samla desse tenestene under psykisk helseteneste. Det arbeidast hausten 2013 systematisk med å vidareutvikla tilboden i denne tenesta til å bli eit heilskapleg tilbod til alle innbyggjarane i Bokn uavhengig av alder.

Det er to tilsette i psykisk helseteneste. Den eine har utdanna helsesøster med vidareutdanning i psykisk helsearbeid for barn og unge. Den andre er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og kognitiv terapi. Begge vore tilsette i Bokn i mange år, og har god kjennskap til samfunnet i Bokn. Stabilitet over tid er viktig for kontinuiteten i arbeidet og for relasjonen til brukerane.

Brukarrådet for psykisk helse fungerte også i 2013 svært bra. Medlemmene er engasjerte og flinke til å komme med innspel. Ein av sakene som brukarrådet har arbeidd med i fleire år, var å få til ein stillingsauke til 120 prosent i psykisk helse. Dette blei vedtatt i budsjettet for 2013 og blei iversett mars 2013.

Teneste 2810 - Økonomisk sosialhjelp

Tenesta omfattar økonomisk stønad etter kap. 4 i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, og gjeld alle former for økonomisk sosialhjelp til dei som etter lova har krav på det.

Det har sidan 2010 vert ein jamn auke i antal personar som har vært i behov for sosialhjelp. Det er ulike grunnar til dette; nokre har problem med å få midlane til å strekka til, andre er arbeidsledig utan rett på støtte frå trygda og andre igjen har hamna i ei livskrise som inkluderer store økonomiske vanskar. Behov for økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving opplevas aukande.

Det blei på bakgrunn av denne auken gjennomført ei forvaltningsrevisjon på økonomisk sosialhjelp på oppdrag frå kontrollutvalet i 2013. Denne viste at utviklinga i Bokn samsvarar med utviklinga nasjonalt i same periode.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp gjekk i 2013 noe ned i forhold til 2012. Truleg skyldas dette at formannskapet i 2012 sette i verk eit prosjekt der menneske på økonomisk sosialhjelp arbeida for trygd.

Teneste 2850 – Første responder bilen (Ambulansetenesta)

Bokn kommune har inntil mars 2010 i en periode på over 20 år hatt et samarbeid med helseføretaket om lokalisering og drift av ambulanseteneste i Bokn kommune. Avtalen gjekk i hovedsak ut på at Helse Fonna har stilt ambulansekjøretøy til rådighet og dekket kostnadene til denne, gitt et årlig driftstilskudd til kommunen, samt lagt forholdene til rette for at ambulansepersonell på Bokn kan delta på intern undervisning/kursing på sjukehuset.

Etter at overgangsreglene, som omhandla krava til kompetanse for ambulansepersonell (jf. § 17 i "Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus"), opphørte 01.04.2010, opphørte også ambulansetjenesten i den form den hadde hatt i ca. 20 år. Kommunen hadde ikkje mulighet til å imøtekommе kompetansekrava alene, og Helse Fonna ønska heller ikkje å overta ansvaret for ambulansen stasjonert i Bokn kommune fullt ut. Formannskap fatta derfor den 23.03.10 vedtak (sak 016/10) om at ambulansen blei omgjort til ein kommunal beredskaps/redningsbil.

Kommunen har i på vente av dette ikkje ønska å bygge ned den akuttmedisinske beredskapen i kommunen. Kommunen har som følgje av dette langt på vei vidareført ambulansetenesta i ein kommunal akuttmedisinsk beredskapsteneste innafor eigne budsjetttrammer. Administrasjonen har på oppdrag frå kommunestyret sidan hatt gjentatt korrespondanse med myndigheter og lokalt helse føretak. Kommunen ønska ei klargjering innan kva rammar ein i Bokn kunne vidareføra den 20 år lange akuttmedisinske beredskapen i kommunen.

Denne korrespondansen har ikkje medført nokon avklaringar som har medført at Bokn får betalt for å oppretthalde tenesta. Tilbakemeldinga frå leiinga av Helse Fonna var at deira risikovurdering av den akuttmedisinske beredskapen i området er dekka gjennom helseføretakets organisering av deira ambulansetenesta pr. i dag, uavhengig av Bokn kommune sin første responderteneste. Dei påpeika også at ein venta at utrykningstida vil gå ned, og dermed at beredskapen ville bli styrkja ytterligare, når t – forbindelsen opna september 2013. Det var med andre ord ikkje mogeleg å få finansiering av tenesta frå helseføretaket.

Tenesta blei på bakgrunn av dette vedtatt nedlagt av kommunestyret i budsjettet for 2014.

Teneste 3100 – Husbanken sine støtteordningar

Sosialkontoret har ansvaret for Husbanken sine ordningar med lån og tilskot til bustadbygging, kjøp av brukta bustad og utbetring. Sosialkontoret har og ansvar for statleg bustøtte.

Utviklinga framover:

Samhandlingsreforma er ein retningsreform som blei starta januar 2012 og skal innførast over tid. Det er ein ambisjon at kommunane skal sørge for en heilskapleg tenking, med førebygging, tidlig intervension, tidlig diagnostikk, behandling og oppfølging, slik at heilskapleg pasientforløp i størst mulig grad kan ivareta innanfor lågaste effektive omsorgsnivå (LEON).



Reforma byggjer på at den forventande veksten i behov i ein samla helseteneste i størst mulig grad må finne sin løysning i kommunane. Det er tre element i dette: 1) oppbygging av eksisterande tenester, 2) utvikling av nye tenestetilbod og 3) flytting av oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Bokn kommunen må ha oppmerksomheta på alle disse tre forhold samtidig.

I 2013 har det vært ei dobling av antal søknader av heimesjukepleie og heimehjelp i 2013 i forhold til 2012, samt ei auke i søknader om korttidsplasser, langtidsplasser og avlastningsplasser/veksels plasser. Disse behova står godt i forhold til kva som er forventa, og også kva som forventas i inneverande og kommande år, sett ut frå alderssamansetninga hjå innbyggjarane i kommunen.

Dette saman med at oppgåver overførast til kommunane frå spesialusthelsetenesat som følgje av samhandlingsreforma, gjer at kommunen må forventa at kommunen må vidareutvikle det kommunale teneste tilbodet.

Helse- og omsorg er kompetansekrejvande tenester. For å sikre tigong på kompetent arbeidskraft i eit arbeidsmarknad prega av stor konkurranse, er Bokn avhengig av og vera ein attraktiv arbeidsplass både å begynne i og forsette å jobbe i. Fokus for kommunen må derfor være å rekruttere og behalde. Vi har fått tilbakemeldingar på at kommunen har et godt rykte på seg når det gjelder det å være arbeidsgivar, og det vil være viktig at kommunen lever opp til dette også i kommande år.

Bokn kommunen er ein av få kommunar i Norge som har fått anledning til å delta i ein forskingsstudie på kompetansemobilisering. Studien skal sjå på samanhengen mellom opplevd kompetansemobilisering og trivsel på jobb, mestringstro og følelse av å ha verdi på jobb. Resultat frå tidligare studie tydar på at det er ein samanheng mellom lav kompetansemobilisering og dårlegare psykisk velvære på jobb, dårlegare trivsel, lågare lojalitet til verksemda og sterkare planer om å slutte for å finne jobb et anna sted.

Tilsvarande visar studiane at høg kompetansemobilisering gir større trivsel på jobb, høgare mestringstro og ein sterkare følelse av å ha verdi på jobb. Det nye i denne studien Bokn kommune deltar i er at funna skal knytast opp mot brukaranes oppleving av kvalitet i tenestane. Alle tilsette i Bokn kommune og eit utval brukarar vil få tilbod om å delta. Studien vil gå over tre år og er kvalitetssikra og leia av professor Linda Lai ved BI i Oslo. Funna vil vera danna grunnlag for vidareutvikling av kommunen.

Kommunen bør planlegge heilskapleg gjennom å sjå på korleis komplementære tenester skal byggas opp gjennom vidareutvikling av eksisterande teneste tilbod og utvikling av nye teneste tilbod. Kommunens økte ansvar for å førebygge sjukdom må også prioriteras, både gjennom det helsefremmende arbeidet og gjennom tidlig intervensjon.

RAMMEOMRÅDE 6 - SEKSJON TEKNISK

Innleiing

Som før har teknisk seksjon ansvar for drift og vedlikehald av alle bygg som kommunen eig. Likeeins står seksjonen for drift og vedlikehald av vassverk med pumpestasjon på Torland og anlegg for vassreinsing på Vaulen samt leidningsnett for forbruksvatn. Teknisk har og ansvar for avlaupsanlegg med slamavskiljarar og pumpestasjonar. Vedlikehald av vegar og offentlege plassar ligg til seksjonen. Teknisk har og ansvar for å arbeida ut planar og å handsama plan- og byggjesaker samt å vera sekretær for forvaltningsstyret. Førebyggjande brannvern og brann- og redningsoppgåvene ligg til teknisk. God forvaltning av fiske og viltressursane er og seksjonen sitt ansvar.

Seksjonen har i 2013 gjennomført dei planlagde investeringane. Dette er nærmere kommentert under kvar teneste.

Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Rekneskap 2012	BUDSJETT 2013	Rekneskap 2013	Avvik frå budsjett
Brutto utgifter	11.403	11.405	9.763	1.642
Brutto inntekter	- 6.281	-6.640	-5.940	-700
Netto utgift	5.122	4.765	3.823	942

Overskotet er i hovudsak knytt til følgjande postar:

Vedlikehald vegar og plasser, arbeid sett i gong før nyttår ikkje med	kr 200.000
Mindre tenestekjøp Tysvær	kr 200.000
Ikkje brukte trafikksikringsmidlar, sett til fond	kr 120.000
Underbudsjeterte kommunale avgifter	kr 420.000

Bemanning	2011	2012	2013
Administrasjonen	2	2	1,7
Uteseksjonen	2	2	2
Sum årsverk	4	4	4

I tillegg til dei to faste vaktmeistrane har ein i 2013 hatt med ein person i sysselsettingstiltak i regi av NAV til hjelp i uteseksjonen. Den eine vaktmeisterbilen vart skifta ut i 2012. Seksjonen har nå 2 bilar på 4 årig leasingavtale.

Byggjesakshandsamaren slutta 1. mai 2013. Me var heldige og fekk tilsett ny frå 1. september. Sjølv om me nå har fått ein mann med lang erfaring innan byggjebransjen både i privat og offentleg sektor, tek det tid å setja seg inn i eit stort fagfelt.

Byggjesakshandsamaren som slutta hadde kurs i matrikkelføring. Han som er tilsett har ikkje naudsynte kurs. Arbeidet med føring av bygningsdata har på ny blitt liggjande. Ein ser det no slik at det kan ta så lang tid å få han som er tilsett i gong med dette arbeidet, at ein i mellomtida må leiga hjelp. Det ligg arbeid frå fleire år attende og det er ein heil jobb berre å gjera unna det som ligg. Ein har freista leiga hjelp i Tysvær, men dei har

ikkje naudsynte resursar. Det blir nå vurdert å henta hjelp frå andre kommunar eller private konsulentar.

Prosjektleiar for «Skule, barnehage og fleirbrukshall» har i ledige stunder vore med i med byggjesakshandsaming. Denne hjelpa har vore til stor nytte.

I året som gjekk blei det forhandla fram ny avtale om kart og oppmåling med Tysvær kommune. Ein reknar og med å gjera ny avtale med Tysvær når det gjeld landbruk, viltstell, miljø og akvakultur.



Resultatvurdering

Aktivitet/teneste	2011	2012	2013
Brannøvingar / utrykninger	6/6	8/10	8/10
Husbrann	0	1	0
Trafikkuhell	2	3	3
Kart / oppmåling forretningar	10		14
Antall km. vannledning	19,7	19,8	19,8
Antall vannbrudd	2	1	2
Saker til forvaltningsstyret	46	43	45
Adm. Byggesaker.delingssaker	33	27	49
Reg.planer/ bebyggelssesplaner	2	1	8

Teneste 1300 Administrasjonsbygg / 2610 Sjukestova

Arbeidet med brannsikring av Boknatun inkludert sjukeheimen går sin gang. Ein har fått arbeid ut oppdaterte digitale teikningar. Med bakgrunn i desse vil ein i 2014 henta inn pris frå konsulent på å laga plan for friskmelding av bygget med hjelp av eit nytt brannkonsept. Med bakgrunn i dette arbeidet vil ein så henta inn pris frå konsulent på å laga prosjektdokument som grunnlag for å henta inn pris og gjennomføra det fysiske brannsikringsarbeidet. Når prisane ligg føre, vil ein leggja fram politisk sak. I 2013 er det gjort ombyggjing på sjukeheimen slik at ein har fått ei eiga skjermingseining.

Teneste 2210 Barnehagebygg

Teknisk har i 2013 vore involvert i prosjekt med utbygging av ny avdeling i barnehagen. Prosjektet er gjennomført i samsvar med planane og bygget er tatt i bruk.

Teneste 2220 Skulebygg

Ein har ikkje i 2013 hatt midlar til å koma vidare med naudsynte energisparetiltak og under dette utskifting av fyringsanlegg. Vi veit at fyrkjelen er gamal og kan bryta saman. Kjelen er fyrt med olje noko som ikkje er lovleg etter 2020. Vidare veit vi at taktekkinga på skulen er svært gammal og at ein må rekna med utskifting i nær framtid. Ein ser det no slik at ein truleg vil etterisolera taket samstundes som ein legg ny tekking. Det er heller ikkje funne midlar til nokre av tiltaka på skulen i budsjettet for 2014.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Sluttføringa av arbeidet med molo for småbåthamn i Hålandssjøen blei sett i gong på hausten 2012, arbeidet sto ferdig i februar 2013. Det er sett i gong arbeid med å regulera om området. Arbeidet skal gjerast ferdig i 2014.

Kyrkjegard

Frå 2013 er midlane som skal nyttast til å skjera trea på kyrkjegarden plassert i kyrkjeverjebudsjettet.

Teneste 3400 Vassverk

Arbeidsgruppa som har i oppdrag å sjå på mogleg utviding av vassverket sin forsyningskapasitet, har tidlegare konkludert med at ein skal gå vidare med eiga vasskjelde. Planen går ut på å utvida kapasiteten på vasskjelda, Torlandsvatnet, og på høgdebassenget samstundes med at ein gjer vassreinseanlegget betre. Det er leigd inn prosjekteiar til å driva fram saka. Ein prioriterer nå arbeidet med å avgjera kva slag reinsemetode ein skal gå for og om ein skal byggja nytt eller utbetra noverande reinseanlegg. Samstundes med dette eller kort etter at nytt reinseanlegg kjem på plass, må det verta bygd ein ekstra lagringstank for forbruksvatn. Ein tek sikte på å leggja fram sak om dette før sommarferien. På grunn av at det trengst konsesjon for å utvida bassenget i Torlandsvatnet, ligg det fysiske arbeidet her minst to til tre år fram i tid.

Eit alternativ med å kjøpa vatn frå andre kommunar er lagt bort av di dei moglege løysingane ein vurderte, ikkje ført fram.
Det var ikkje vesentlege problem knytt til drifta av vassverket i 2013, men i kuldeperioden først i februar 2014 gjekk inntaksleidningen i Torlandsvatnet tett på grunn av issørpe. Ein heldt vassforsyninga i gong med at ein nytta brannpumpe for å pumpa vatn inn i inntakskummen. Etter om lag ei veke var problemet borte på grunn av at vinden snudde og at det kom mildvær.
Det var ingen søknader om tilskot til private vassverk i 2013.

Teneste 3500 og 3530 Avlaup – kloakk

Kommunen har ansvar for drift av 5 felles slamavskiljarar og 3 kloakkpumpestasjonar. Slammet blir levert til Toraneset miljøverk. Ein hadde ikkje problem med drifta i året som gjekk. I 2013 henta ein saman med andre kommunar inn pris og gjorde ny avtale med Birkeland A/S om å töma slam. Avtalen gjeld for to år og kommunane har etter dette einsidig opsjon på et pluss et år. Det er lagt opp til at HIM skal ta over dette arbeidet frå 2016 (2017).

Arbeidet med å knyta alle abonnentane til den kommunale avlaupsleidningen i Alvestadkroken er framleis ikkje i hamn. Det blei i 2013 lagt ny avlaupsleidning som knyter seg til eksisterande leidning inst i Alvestadkroken.

Slamavskiljaren som tener busetnaden i Føresvik er for liten, og må tømst ofte. Her trengst ny og større slamavskiljar. Ein har likevel valt å vente med dette arbeidet til ein kjenner planane for framtidig bustadbygging her. I 2013 blei det lagt ny sjøleidning.

Teneste 3550 Renovasjon

Renovasjonsordninga for Bokn vert drifta av HIM. Frå juli 2013 tok HIM og ansvar for å fakturera. I 2013 hadde ein dei same tenestane som i 2012. Kvar husstand sorterer matavfall, papir, restavfall og plast. I tillegg blir spesialavfall henta til annonserete tider.

Teneste 3380 og 3390 Brann og feiarvesen

Det er gjort avtale med Tysvær når det gjeld drift av brannkorpsset. Avtalen gjeld funksjonen som brannsjef, øvingsopplegg, utdanning og kvalitetssikring. Tysvær står for tilsynsarbeidet og har ansvar for feiring.

Brann og redningsvesenet hadde 8 øvingar og rykte ut til 3 trafikkuhell. Ingen av hendingane kan kallast alvorlige. Det var ingen husbrannar i 2013.

Det er kome krav om at alle som skal vera med i friviljug brannvern må ha grunnopplæring. Dei fem første tok kurset 2011. Ein tek sikte på å kursa nokon kvart år til alle 17 har gjennomført grunnopplæring. Vidare må all nye ha kurs. I 2013 blei det ikkje arrangert kurs og det er uklart om det blir nye kurs i distriktet i 2014.

Mannskapsstyrken er stabil og held oppe ein flott friviljug beredskap.

Teneste 3010 - 3030 Kartverk, oppmåling samt plan- og byggjesak

Oppgåvane knytt til utarbeiding av kommuneplan og interkommunalt plansamarbeid ligg og i budsjettet under seksjonen, men arbeidet blir teke vare på av tidlegare teknisk sjef og er flytta over til rådmannen sin stab. Kommuneplanen blei godkjent i kommunestyret 17.12.2013. Det gjenstår nå berre oppteikningsarbeid og revisjon av føresegner slik at alt blir i samsvar med den endelige godkjenninga. Ein reknar med at dette arbeidet vil vera ferdig før sommaren 2014.

Det er grunn til å rekna med at den nye kommuneplanen vil bli ein nyttig reiskap når nye reguleringsplanar skal lagast og når byggjesakene skal handsamast.

Reguleringsplanane for Rogfast blei godkjent i 2013. I ettertid har nye krav til stigning ført til at tunnelen blir lengre. Med bakgrunn i dette må det lagast ny reguleringsplan for området Are – Laupland – Knarholmen. Ein reknar med å få godkjent denne reguleringsplanen i forvaltningsstyret og kommunestyret i 2014. Kommuneplanen legg til rette for god utnytting av tunellmassane i Bokn. Det er leigd inn ein konsulent som fylgjer opp og handsamar saker knytt til Rogfastplanane i Bokn. Reguleringsplanane for Føresvikvegen og bustadfeltet i Fyrvegen blei godkjente i 2013.

Reguleringsplan for strandsona langs sjøen mellom Alvestad og Føresvik med inntekna gangvegtrasse blei handsama 1. gang i forvaltningsstyret 15.10.2013 medan Plan for omregulering av søre delen av Øyrenfeltet blei handsama 1. gang i forvaltningsstyret 11.12.2013. Begge planane har vore ute til offentleg ettersyn og det er kome nokre merknader til begge. Vidare er det kome motsegner frå Fylkesmannen på planane. Det er tillyst synfaring og avklaringsmøte med fylkesmannen den 9. april. Ein vonar at begge planane kan bli godkjende før ferien 2014.

Det er frå 01.01.2014 gjort ny samarbeidsavtale med Tysvær om oppmåling og kartarbeid samt oppgåver med å oppdatera eigedomsbasar og å gjera planane digitale. Etter avtalen skal ein betala etter Tysvær sine satsar når det gjeld reine oppmålingsoppgåver. For alt anna arbeid skal ein betala timesats for tida som går med.

Kommunen er med i forvaltingssamarbeid om geodata i samband med at ein har pålegg om årleg å oppdatera kartdata innanfor kommunegrensene. Dette arbeidet er og med i samarbeidsavtalen med Tysvær. Dei fleste reguleringsplanane er no digitaliserte, og er tilgjengelege på nettet slik lova krev. Ventetida for å få gjort kart- og delingsforretningar er framleis lengre enn det publikum ventar. Det blei fotografert for nye grunnkart i heile kommunen i mai 2012. Nye grunnkart kom i bruk i 2013.

Teneste 2650 og 3150 Bustadfelt og bustader

Utlegebustader

Kommunen eig i alt 21 legebustader. 15 av desse er omsorgsbustader. Av omsorgsbustadane har 9 direkte innadørs tilkomst frå sjukeheimen og 6 ligg i eit hus like ved. I Øyrenfeltet på Austre Bokn har kommunen to rekkjehus med 2 bustader for ungdom i kvart. Dei 2 siste utlegebustadene ligg i eit eldre hus i Føresvik. Alle bustadene har vore utleigde det meste av tida. Nytt sprinklaranlegg i dei seks omsorgsbustadane nord for Boknatun kom i drift i slutten av februar 2013.

Kommunen har ingen ledige bustadtomter for sal. Det er no berre nokre få private byggjeklare tomter på Austre Bokn. Det hastar med å få fram eit større tilbod. Ein arbeider med å henta inn prisar på opparbeiding av bustadfeltet som er regulert ved Fyrvegen. Det er regulert 8 tomter til einebustader og to tomter til tett småhusbyggjing i feltet. Samla blir det plass til om lag 15 sjølvstendige bu-einingar. Ein reknar med at tomtene kan vera klare for sal før 2014 er omme.

Reguleringsplanen for det private bustadfeltet i Alvestadkroken blei godkjent i 2011, men arbeid i marka er framleis ikkje sett i gong. Om noko kjem i gong før 2014 er omme, veit ein ikkje.

Alle krav som no blir stilte frå statleg og regionalt mynde, gjer at planarbeidet tek mykje tid og blir dyrt. Når ein minner om dette, er det av di ein ynskjer å få fram at det er viktig å prioritera dei neste byggjefelta og koma i gong med reguleringsarbeid no når kommuneplanen er godkjent. I dag kan ikkje etablering av byggjefelt gjerast som hastesak.

Teneste 3330 og 3340 Vegar og gater, Trafikksikring

ØKONOMI	2011	2012	2013
Investering(heile tusen)	71	185	0
Netto driftutgifter pr. km (1000kr)			
AKTIVITET			
Antall km. veger m. oljegrus	12,6	12,6	12,6
Antall km. grusveger	4,8	4,8	4,8
Antall km. gangveg	0,3	0,3	0,3
Antall veglys	213	323	323

Vegvedlikehaldet i 2013

Det står att arbeid for mellom 1 og 1,5 mill. om ein skal asfaltera alle kommunale vgar. Det var tidlegare ein plan om å setja av 3 – 400.000,- årleg til arbeidet, men det er ikkje blitt løyvd midlar til dette i perioden 2010 til 2014. Tilstanden på fleire vgar, i sær Arsvegen, er no så dårleg at det kan bli naudsynt med ekstraordinære løvvingar. Kommunen har ansvar for at feristene blir skifta ut, at ferist-portane blir reparerte og at nye markeringsskilt blir sett opp. På det jamne må ei ferist skiftast i året. Vinteren 2012 – 2013 hadde eit normalt vintervedlikehald. Det blei ikkje gjennomført ekstraordinære trafikksikringstiltal i 2013. Etter 2009 er det berre blitt gjort vanleg vedlikehald på vegane.

Teneste 3600 – Naturforvaltning

Seksjonen sine særoppgåver for forvalningsstyret som ”viltnemd” blei i 2013 gjort av tidlegare teknisk sjef som då var i rådmannen sin stab. Oppgåvene er avgrensa til forvalting av hjortevilt. Av omsyn til habiliteten bør det vurderast om tildeling av kvoter for hjortevilt i framtida skal handsamast i ein annan kommune gjennom eit samarbeid. Kommunen har korkje kompetanse eller kapasitet til å driva anna viltstell eller forvalting av ferskvassfiske. Det kommunale viltkartet er utdatert og treng fornying.

Det har ikkje lukkast, slik styresmaktene ynskjer, å få grunneigarane til å gå saman om driftsplanar for forvalting av hjortevilt. Under det same kjem at det ikkje har lete seg gjera å laga større vald. Ein vurderer å leggja alle oppgåvene knytt til viltforvaltning inn i ny avtale med Tysvær kommune.

Ei god forvalting av naturen i samsvar med lokale føresetnader er viktig for prosjektet ”Kjekt på Bokn” der friluftsliv på land og sjø spelar ei viktig rolle.

Utviklinga framover

Utfordringane er dei same som før. Krav til vedlikehald og oppgradering av bygg, vegar og grøntanlegg vil auka. Tilgong til pengar og arbeidskraft set grenser som gjer at ein ikkje kan halda eit kvalitetsmessig vedlikehald på alle felt.

Nye anlegg fører til auka vedlikehald. Eit godt vedlikehald er naudsynt om uteareal, bygg og anlegg skal stå fram og fungera slik alt var tenkt. Det må bli vurdert om fleire vedlikehaldsoppgåver skal bli kjøpte i framtida.

Kravet om planar som grunnlag for kommunale forvaltingsvedtak blir heile tida strengare. Vi ser at krav om konsekvensutgreiing på mange felt som arkeologi, fauna og flora (biologisk mangfald), trafikkfare og støy frå veg og ikkje minst tilhøvet til strandsona gjer at planarbeidet tek lengre tid og blir dyrare. Ny kommuneplan vil bli ein bærebjelke og vegvisar for kva som kan skje dei neste åra. Det er viktig at det, no når planen ligg føre, blir gjort prioriteringar slik at reguleringsplanarbeidet på det som er høgast prioritert blir sett i gong så snart rå er. Dette gjeld ikkje minst bustadfelt som vil vera heilt avgjerande for om ein skal få ei positiv utvikling i folketallet. Ein arbeider no med planstrategi for Bokn. Dette arbeidet må munna ut i ei slik prioritering.

Utviding av vassverket er ei anna stor oppgåve som kommunen må løyse. Dette vil bli ei prioritert oppgåve i 2014.

I heile 2013 har seksjonen teke del i planarbeid knytt til Haugaland Vannområde, som er del av Rogaland Vannregion. Under dette skal det gjerast eit prosjekt for å karakterisera alle vassressursane i distriktet. Dette er eit arbeid i staten sin regi som er ein del av arbeidet som ligg til grunn når EU sitt vanndirektiv skal gjevast form. Vanndirektivet og underordna planar og retningslinjer blir ein del av overordna retningslinjer som vil vera med å styra når vi skal planleggja framtidig utnytting. Retningslinene vil bli ein del av grunnlaget som fylket skal leggja til grunn når dei set fram motsegner. Det er av den grunn viktig at vi i arbeidet med føresegnene tek vare på interessene våre slik at vi i framtida ikkje blir blokkert.

Det er, med bakgrunn i dei knappe resursane ein rår over, ei stor oppgåve å fylgja opp krav til internkontroll og kvalitetssikring. Krava til dokumentasjon i byggjesak og planarbeid er strenge. Det er eit aukande krav frå publikum om at alle papir skal vera på

plass og at offentlege kartverk skal vera oppdaterte. Manglande godkjenningar og ferdigattestar eller attestar som er utskrivne på sviktande eller feil grunnlag, kan få verknad i samband med sal av eigedom eller i forsikringssaker. Papira kan ha stor verknad som bevis i økonomiske rettssaker. Det er uklårt om kommunen, i sers uheldige tilfelle av manglande sakshandsaming og kontroll, vil kunna bli stilt økonomisk til ansvar. For å meistra oppgåvene med små resursar vil ein måtta bruka etter måten mykje tid og pengar på fagleg opplæring og oppdatering.

Bruk av IKT innan byggjesak og planlegging blir ei viktig oppgåve. Utviklinga går fort og kommunen må rekne med å bruka meir ressursar på dette feltet.

Ein god kommuneplan der det meste er avklara, vil vera ein føresetnad for vidare utvikling i Bokn. Slik reglane i dag blir tolka og praktiserte frå stat og fylke vil det på det nærmaste vera uråd å gjera byggjearbeid som på førehand ikkje er avklara i plan.

Teknisk seksjon skal med få personar femne om mange fagfelt. Aukande krav til kompetanse på fag gjer at det blir vanskelegare å gjera eit effektivt og fagleg godt nok arbeid i sakshandsaminga. Etter den nye Plan- og bygningslova har ein fått nye oppgåver innan tilsyn utan at personalresursane er auka.

POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING 2013

Politisk leiing	2013	
Ordførar	Kyrre Lindanger	AP
Varaordførar	Lars Norekvål	H
Formannskap:	Tormod Våga May Jorunn Vatnaland Ann J. S. Olaussen Anne L. Faye Arne Hosaas	SP SP H AP AP
Administrasjonsutval leiari:	Kyrre Lindanger	AP
Forvaltningsstyre leiari	Eilif Staalesen	H
Kontrollutval leiari	Daghild Alvestad	SP
Politisk aktivitet:		
Kommunestyret	5 møter	54 saker
Formannskap	8 møter	59 saker
Administrasjonsutvalg	0 møte	0 sak
Forvaltningsstyre	7 møter	50 saker
Kontrollutvalget	4 møter	22 saker
Administrativ leiing:		
Rådmann	Jan Erik Nygaard	
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	
Seksjonssjef skule	Bjørn Nøttum/Ingunn Toft	
Seksjonssjef helse	Hildegunn Andreassen	
Seksjonssjef teknisk	Kåre Bua	
Revisjon	Deloitte AS	